

20

Årsrapport 2020

HØGSKULEN I VOLDA

# Innhald

Del I: Årsmelding frå styret 4

Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal 6

Del III: Aktivitetar og resultat 2020 9

- Sektormål 1 – Høg kvalitet i utdanning og forsking 9
- Sektormål 2 - Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling 13
- Sektormål 3 – God tilgang til utdanning 15
- Sektormål 4 – Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem 17
- Utviklingsavtalen med KD 19
- Rapportering på andre område 23

Del IV: Styring og kontroll i verksemda 25

Del V: Vurdering av framtidsutsikter 28

Del VI: Årsrekneskap 2020 38

Vedlegg: Utgreiing om likestilling og mangfald 66

# Kunnskap for framtida

**Høgskulen i Volda**
Postboks 500
6101 Volda
Telefon: 70 07 50 00
postmottak@hivolda.no

www.hivolda.no

**hivolda** (Facebook, Instagram, Snapchat og Twitter)

**Trykk**
Printing As

**Framsidefoto:**
Lea Albertsen

**Foto:**
Marius Beck Dahle, Tone Solhaug, Kristian Glomnes, Lea Albertsen

**Opplag:**
50 stk.







# Del I - Årsmelding frå styret

Koronapandemien førte til ein brå overgang frå ordinær drift til full digital undervisning og heimekontor for tilsette frå 12. mars 2020. Det har vore svært krevjande for heile organisasjonen. Styret er glad for å kunne seie at studentar og tilsette har vist stor innsatsvilje og omstillingsevne i denne vanskelege tida.

## Arbeidet i styret

Høgskulen i Volda (HVO) hadde åtte styremøte og eitt styreseminar i 2020. Fleire av møta var heildigitale og på nokre møte deltok nokre styremedlemmer digitalt. På dei fleste styremøta har styret vorte orienterte om eller drøfta korona-situasjonen, framdrifta ved mediebygget og campusutviklingsplanen, ny grunnskulelærarutdanning og avsetningar.

Å sikre eit godt undervisningstilbod til studentane har vore ei prioritert oppgåve for Høgskulen i 2020. Styret har hatt jamleg dialog med høgskuleleiinga, og sytt for fullmakter slik at leiinga kunne gjere raske og nødvendige endringar for å handtere pandemien.

Styret har lagt stor vekt på å følgje opp dei fire hovudutfordringane som styret peika på i førre årsmelding, og som også var tema i ei ekstra rapportering til Kunnskapsdepartementet i november. Styret er nøgd med at det har vore auke i publiseringa og i bidrags- og oppdragsinntekter (BOA) ved Høgskulen i 2020. Styret er også nøgd med utviklinga i førstekompetanse/toppkompetanse, medan resultata på gjennomstrøyming på mastergradene har hatt ei negativ utvikling. Desse områda vil vere viktige for styret også framover.

Høgskulen har NOKUT-tilsyn med studiekvalitetssystemet i 2020-2021, og dette har vore tema på fleire styremøte. Styret deltok i institusjonsbesøket, og vil sjå til at Høgskulen arbeider godt med tilbakemeldingane NOKUT gir. NOKUT-styret gjer endeleg vedtak i saka i april 2021.

Arbeidsmiljøet på avdeling for mediefag (AMF) har vorte tett følgt opp av høgskulestyret og har også vore tema på dei fleste styremøta. Ny dekan på AMF vart tilsett frå 1. september 2020, og styret reknar med at tilsette, avdelingsleiing og høgskuleleiing held fram med det gode arbeidet for eit betre arbeidsmiljø.

Styret er nøgd med den overordna økonomiske gjennomføringa i 2020. Drifta vart sterkt prega av pandemien og Høgskulen har ikkje klart å gjere alle planlagde tiltak, og har dermed heller ikkje redusert avsetningane. Men det er store investeringsbehov i 2021 og åra framover knytte til inventar og utstyr i nytt mediehus og oppgradering av høgskuleområdet elles, og då blir desse midlane sette i omløp. Styret vedtok ny campusutviklingsplan i 2020, og legg den til grunn for vidare utvikling av høgskuleområdet.

Høgskulen er no midtvegs i gjennomføringa av utviklingsavtalen (2019-2022). Styret er nøgd med framdrifta og meiner vi skal nå måla innan utgangen av 2022.

## Utdanning, forsking og organisasjon

Utdanningsverksemda ved Høgskulen har vore sterkt påverka av pandemien i 2020. Dei tilsette har gjort ein stor jobb med å legge om til digital undervisning på kort varsel. Det vart sett i verk mange tiltak for å kunne gi fysisk undervisning til flest mogleg av studentane innanfor gjeldande smittevernreglar hausten 2020. Vi har på kort tid bygd opp utstyr og kompetanse som gjere det mogleg å digitalisere heile verksemda i åra framover.

I samband med Utdanningsløftet 2020 fekk Høgskulen sommaren 2020 tildelt 100 nye studieplassar. Med unntak av studieplassane til grunnskulelærardanninga og PPU, har vi fått fylt opp desse plassane som planlagt. Studieplassane vi ikkje fekk nok søkarar på vart nytta til å auke studiekapasiteten på erfaringsbasert master i undervisning og læring og til vidareutdanning for lærarar. Dette er i tråd med formålet med tildelinga, gir regionen fleire nye lærarar, og styrkar Høgskulen si rolle som lærarutdanningsinstitusjon.

Høgskulen har i 2020 arbeidd med tiltak for å auke både publisering og tal på forskingssøknader. Eit viktig tiltak i dette arbeidet har vore å stimulere arbeidet i forskingsgrupper. Det vert også gitt støtte både i form av stipendordningar og administrativ støtte til dette arbeidet. Arbeidet i forskingsgruppene

har til ein viss grad vorte skadelidande på grunn av pandemien. Mange av dei planlagde seminara og konferansane i 2020 har vorte avlyste eller utsette til 2021. Den samla publiseringa har auka mykje i 2020, og styret håper på gode resultat også framover.

Det vert arbeidd systematisk med kompetanseheving i organisasjonen. Rekruttering og utvikling av første- og toppkompetanse er eit fokusområde som også er med i utviklingsavtalen.

Høgskulen har i fleire år auka talet på studentar, og har måtta effektivisere drifta for å handtere veksten. Det vert arbeidd med prosesskartlegging som grunnlag for digitalisering, effektivisering og kvalitetsforbetring. Kartlagde og standardiserte prosessar er også ein viktig faktor for å kunne ta i bruk nasjonale fellesløysingar i UH-sektoren framover.

## Tilhøve som har verka inn på resultata

Pandemien gjorde at vi måtte bruke større økonomiske og menneskelege ressursar på undervisning, og det førte til at mange utviklings- og forskingsaktivitetar måtte reduserast eller utsettast.

Dei positive effektane av pandemien er auka digital kompetanse og erfaring, både når det gjeld undervisning og gjennomføring av digitale møte og seminar. For ein høgskule i distriktet kan fleire digitale møte også etter pandemien bidra til lågare kostnader i form av spart arbeidstid og reisekostnader. Dette vil også vere eit bidrag til å gjere Høgskulen til ei meir klimavennleg verksemd.

## Dei viktigaste prioriteringane for åra framover

Høgskulen har inngått ein utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet som dekker perioden frå 2019 til og med 2022, og som har utgangspunkt i Høgskulen sin strategiplan for 2017 til 2020. Mål som er sette i utviklingsavtalen, er knytte til grunnskulelærarutdanninga, yrkesretta medieutdanning, tverrfagleg arbeid med eit framtidsperspektiv og rekruttering/utvikling av toppkompetanse. Tiltak for å nå måla i utviklingsavtalen er prioriterte i åra framover.

Ny strategi for Høgskulen skulle etter planen vere ferdig i desember 2020, men prosessen vart utsett grunna pandemien. Styret har vore involvert i førebuing av strategiprosessen hausten 2020, og det vidare arbeidet med ny strategi for 2022-2025 blir ei av dei viktigaste oppgåvene for styret i 2021.

Av andre utvalde område det vil bli arbeidd særskilt med, er:

- Betring av gjennomstrøyminga på masterutdanningane.
- Auka vitskapleg publisering.
- Høgare BOA-inntekter per fagtilsett.
- Rekruttering og kompetanseheving av fleire tilsette med første-/ toppkompetanse.
- Styrke arbeidslivsrelevansen i utdanningane.
- Innflytting i det nye mediehuset, Sivert Aarflot-huset, sommaren 2021.
- Campusutviklingsplanen med oppussing av undervisningslokale i Hans Strøm-huset.

***Volda, 4. mars 2021, Høgskulen i Volda ved styret***

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Johann Roppen** | **Eirik Søvik** | **Simen Langeland** | **Randi Myklebust** |
| **Cecilie Røeggen** | **Roar Tobro** | **Stine-Marie Sjøholt** | **Silje Louise Dahl** |
| **Geir Terje Ruud** | **Bodil Palma Hollingsæter** | **Inger Østensjø** | |

# Del II: Introduksjon til verksemda og hovudtal

Høgskulen i Volda er høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i Møre og Romsdal. Vi gir fag- og profesjonsutdanningar på bachelor- og masternivå for skule og barnehage, velferd, media og kultur, og tilbyr ein ph.d. i helse- og sosialfag som ein fellesgrad i lag med Høgskolen i Molde.

## HVO sin visjon er kunnskap for framtida

I strategiplanen står det at Høgskulen i Volda skal:

- tilby solide masterutdanningar for grunnskulelærarar og vere hovudleverandør av lærarar til regionen
- vere den leiande yrkesretta medieutdanninga i Noreg
- ta eit særleg ansvar for forsking på nynorsk språk og litteratur og sikre nynorsk som fagspråk, i samarbeid med mellom andre Universitetet i Bergen, Nynorsk kultursentrum og Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
- vere i front når det gjeld å utvikle fleksible utdanningstilbod av høg kvalitet
- vidareutvikle studietilbodet på ph.d.-nivå i helse og sosialfag saman med Høgskolen i Molde og satse på tverrfagleg helsefremjande kompetanse

Strategiplanen gjeld for perioden 2017–2020, men vart forlengd ut 2021 då prosessen med å lage ny strategiplan måtte utsetjast grunna pandemien.

## Forsking og utvikling (FoU)

HVO har som mål å drive forsking og utviklingsarbeid med høg kvalitet på ein slik måte at det gir utdanningstilboda eit solid fagleg grunnlag. I 2020 hadde Høgskulen 230 faglege årsverk, der halvparten hadde første- eller toppkompetanse. Stipendiatar utførte 17 årsverk.

Dei strategiske satsingsområda for FoU er nye grunnskulelærarutdanningar (GLU), engelskspråkleg masterutdanning i mediefag og ph.d. -utdanninga.

## Studietilboda

HVO tilbyr 18 bachelorprogram, fleire lærarutdanningsprogram, ei rekkje årsstudium og vidare-utdanningar på heiltid, deltid og nett.

Høgskulen har følgjande mastergradar: grunnskulelærarutdanning for 1.–7. trinn (masterfordjuping i faga norsk, matematikk og spesialpedagogikk); grunnskulelærarutdanning for 5.–10. trinn (masterfordjuping i faga norsk, engelsk, matematikk, samfunnsfag og spesialpedagogikk); kulturmøte; sosial og helsefag; meistring og myndiggjering; nynorsk skriftkultur; samfunnsplanlegging og leiing; erfaringsbasert mastergrad i undervisning og læring med spesialisering i norsk, matematikk, engelsk og samfunnsfag; mastergrad i spesialpedagogikk; og «master in media practices».

HVO tilbyr ph.d. i helse- og sosialfag som ein fellesgrad i lag med Høgskolen i Molde.

## Fleksible studieformer

Med vel 1 300 nettstudentar er HVO ein stor tilbydar av distanse-overgripande studium. Høgskulen arbeider kontinuerleg med å legge til rette for livslang læring med høg fagleg kvalitet og stor fleksibilitet i organisering og gjennomføring. Fleksible studieformer gjer det mogleg å kombinere studium og arbeid, eller studium og andre aktivitetar.

## Internasjonalisering

HVO har eit aktivt internasjonalt engasjement og er mellom dei beste i Noreg på internasjonal studentutveksling. Høgskulen har om lag 120 utvekslingsavtalar med utdanningsinstitusjonar i over 40 land. Studentar på bachelor- og masterstudia har høve til å ta eit semester i utlandet. Ved mange av studia er det også mogleg å gjennomføre praksis utanfor Noreg. I eit normalt år tek HVO imot om lag 200 studentar frå heile verda.

## Organisasjonskart




i

Høgskulestyret er det øvste organet ved institusjonen. Styret har følgjande elleve medlemmar: Rektor, tre medlemmar valde mellom tilsette i undervisnings- og forskarstilling, ein medlem valt mellom dei teknisk og administrativt tilsette, to medlemmar valde mellom studentane og fire eksterne medlemar utpeika av Kunnskapsdepartementet. Høgskuledirektør og prorektor har møteplikt til alle styremøte, med tale- og forslagsrett.

## Hovudtal for Høgskulen i Volda

| | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|
| Årsverk tilsette | 339 | 351 | 353 |
| Av dette årsverk i undervisnings- og forskarstillingar | 231 | 237 | 230 |
| Registrerte studentar | 4 096 | 4 500 | 4 763 |
| Studiepoengproduksjon totalt | 2 654 | 2 691 | 2 643 |
| Doktorgradsdisputasar | 5 | 3 | 2 |
| Totale driftsinntekter mill. kroner | 398 | 398 | 415 |
| Av dette løyving | 359 | 360 | 375 |

Fleire nøkkeltal finn ein i NSDs Database for statistikk om høgare utdanning: dbh.nsd.uib.no

# Del III – Aktivitetar og resultat 2020

Høgskulen i Volda er godt nøgd med korleis vi har klart å handtere dette spesielle året. Vi hadde ein beredskapsplan for pandemi som var oppdatert i 2019, og Høgskulen kom raskt i gang med omstillinga. Det har vore stor innsatsvilje frå både studentar og tilsette, og vi har klart å levere eit godt tilbod til studentane trass i restriksjonane. Regionen har hatt lågare smittetrykk enn mange andre stader, og Høgskulen har klart å gjennomføre mykje fysisk undervisning i perioden då skulen kunne vere open. Sjølv om mykje tid har blitt brukt til omlegging og gjennomføring av undervisning, har vi klart å gjennomføre mykje godt også innanfor forsking og BOA.

I det følgjande vert resultat og måloppnåing for dei nasjonale styringsparametrane kommenterte under kvart verksemdmål. Til slutt i kapittelet rapporterer vi på utviklingsavtalen med KD, pågåande byggeprosjekt, tildelte midlar til oppgradering av forskings- og læringsareal og på ekstra løyvingar over statsbudsjettet.

## Sektormål 1 – Høg kvalitet i utdanning og forsking

### Nasjonale styringsparametrar

- Andelen bachelorkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid
- Andelen masterkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid
- Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar
- Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten
- Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk
- Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FOU-årsverk
- Andelen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet studentar

### Verksemdmål 1.1: HVO skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og gjennomstrøyming.

#### Styringsparametrar

- Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten
- Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar
- Andel bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid
- Andel masterkandidatar som gjennomfører på normert tid
- Talet på primærsøkjarar i samordna opptak
- Talet på kvalifiserte primærsøkjarar per studieplass

#### Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulen i Volda hadde ein auke på vel 7 % i talet på primærsøkjarar gjennom Samordna opptak, men talet på kvalifiserte søkjarar per studieplass er uendra. Auken i talet på studentar ved Høgskulen i Volda held fram. Hausten 2020 var det 4 763 registrerte studentar, ein auke frå 4 500 hausten 2019. Auken kjem først og fremst som følgje av auka aktivitet på etter- og vidareutdanning og ein auke i nettstudentar.

Høgskulen sitt mål for studiebarometeret var 4,1, medan resultatet enda på 3,9. Dette er ein nedgang på 0,1 samanlikna med året før og same nedgang som gjennomsnitt for sektoren. I lys av pandemien, der mykje av undervisninga har vorte digital og studentane ikkje har fått det tilbodet dei forventa, er Høgskulen rimeleg nøgd med resultata. Område vi er særleg nøgde med, er resultata for mange av kulturfaga og for animasjon, som skårar i sjiktet 4,5–4,8. Ekstra nøgd er vi også med resultatet på PR og kommunikasjon, som skårar 4,3. Det er ein stor framgang frå 3,4 i 2019 og 2,7 i 2018. Dette syner at det er mogleg å gjere noko med svake resultat, og at tiltaka vi har sett i verk, har effekt.

Høgskulen er mindre nøgd med resultata på grunnskulelærarutdanningane. Her ser vi ein nedgang både på GLU 1–7 og GLU 5–10 på 0,5 poeng, der skulen oppnår høvesvis 3,5 poeng og 3,1 poeng. Ser vi bak desse tala, svarar likevel grunnskulelærarstudentane blant anna at dei er meir nøgde med både undervisning, fagleg og sosialt læringsmiljø, og tilbakemeldingar og rettleiing enn året før. Dei er mindre nøgde med organisering. Vi er i stor grad klar over kva dette handlar om og har allereie teke tak i tilbakemeldingane.

Fagleg tidsbruk blant studentane har gått ned frå 30 timar per veke til 29 timar. I lys av pandemien og det reduserte tilbodet i fysisk undervisning er vi nøgde med dette resultatet. Det var planlagt ein større analyse av tidsbruken, men den måtte utsetjast grunna den pressa pandemisituasjonen.

Vi har over tid arbeidd med å betre gjennomstrøyminga på mastergradene våre. Dette er ei av hovudutfordringane til Høgskulen. Vi jobbar kontinuerleg med tiltaka i handlingsplanen for gjennomstrøyming. Det har likevel vore ein nedgang i gjennom-

strøyminga på masternivå. Vi har låge tal, og det kan vere variasjonar, men vi ser at dei langsiktige tiltaka som vi har innført førebels ikkje har gitt utteljing i auka gjennomstrøyming. I 2020 har Høgskulen utarbeidd ein oppdatert tiltaksplan for å auke innsatsen ytterlegare.

På master i «media practices» er gjennomstrøyminga påverka av covid-19 fordi fleire studentar ikkje fekk gjennomført den eksterne praksisen som er ein del av masteroppgåva. Nokre av desse har klart å levere hausten 2020, og gjennomstrøyminga etter fem semester var 50 %.

Vi har sett i gang kandidatundersøkingar på fem masterprogram. Dei kan gi grunnlag for meir målretta tiltak, og kvart fagmiljø som er knytt til eit masterprogram, skal lage ein plan for korleis ein skal auke gjennomstrøyminga på deira masterprogram.

På fleire masterprogram er det no innført karakterkrav ved opptaket og endå tettare oppfølging av studentane undervegs i studiet. I 2019 innførte fleire avdelingar obligatorisk undervisning og obligatoriske aktivitetar også i masterutdanningane. I 2020 har samlingane og undervisninga på masterutdanningane stor sett vore digitale på grunn av covid-19. Rettleiing har vore gjort via nett, og alle eksamenar har vore digitale utan fysisk oppmøte. Det er laga eit nytt emne innanfor høgskulepedagogikk for å kvalifisere rettleiarar på master, og det er 45 faglege tilsette som har delteke på emnet våren 2020.

På Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL) følgjer studieprogramansvarleg opp studentar og rettleiar ein–to gonger per semester med førespurnad om progresjon, og programansvarleg følgjer opp studentar som slit med progresjon. Ein ser at manglande gjennomstrøyming i all hovudsak er knytt til forseinka/manglande levering av sjølve masteroppgåva. Hovudgrunnen synest å vere at studentane blir fanga av eksterne tilhøve når dei skal til på sjølve oppgåva. Ein har difor utarbeidd tydelege retningslinjer for arbeidet med masteroppgåva, som både studentar og rettleiar må halde seg til. Også kulturmøtemasteren har eiga masteroppgåvekontrakt mellom student og rettleiar, med forventningar til progresjon og kva semester oppgåva skal leverast.

På andre mastergradar på  Avdeling for samfunnsfag og historie (ASH) har dei utdanningsrettleiing i plenum i første semester, der ein går grundig gjennom skilnaden på heiltid og deltid, og forventninga til fire semester / åtte semester. Studentar som er i 'leveringssemester' vert særleg følgt opp og samla i eigne rom i Canvas.

Hausten 2020 var gjennomstrøyming i masterane tema for gruppearbeid på avdelingsseminar på ASH, og det er tema i leiarmøta på avdelinga.

Dei masterprogramansvarlege på ASH arbeider med å tilpasse studia slik at ein alt frå første obligatoriske emne byrjar å sikte seg inn på masteroppgåva. Fleire av emna er styrkte med to emneansvarlege, for å sikre god kontinuitet og gjere det mindre sårbart.

Avdelingane gjer ein stor innsats for å få gjennom studentar som er forsinka i masterløpet sitt og HVO har hatt ein jamn auke i talet på masterkandidatar dei siste åra, frå 50 i 2016 til 81 i 2020.

På bachelorgradane har vi gått opp frå 58 % til 63 % gjennomstrøyming på normert tid, og vi ligg godt over landsgjennomsnittet. Barnehagelærar-, barnevernspedagog- og sosionomutdanning har gode gjennomstrøymingstal med 63 %, 73 % og 69 %. Også på bachelorgradane i animasjon, journalistikk og PR, kommunikasjon og media fullførte meir enn 82 % av studentane på normert tid. I tillegg har bachelorane i musikk og idrett svært gode gjennomstrøymingstal med 93 % og 75 %.

Gjennomstrøyminga på grunnskulelærarutdanninga 1-7 er 61 % på normert tid våren 2020. På grunnskulelærarutdanning 5-10 fullførte 58,5 % på normert tid.

Høgskulen har sett i verk mange tiltak for å betre studiekvaliteten, og handlingsplanen for studiekvalitet er følgt opp. Kvar avdeling har jobba med å styrke den faglege leiinga av utdanningsprogramma, mellom anna ved kompetansebygging, auka stillingsprosent for programleiar og i større grad byggje team. For å styrke den pedagogiske kompetansen til fagtilsette har vi auka felles satsingsmidlar til kurs i UH-pedagogikk. HVO har no eit godt tilbod av ulike kurs i UH-pedagogikk til tilsette. Vi har innført krav til pedagogisk basiskompetanse.

Pandemien sette naturleg nok fart i digitaliseringa, noko som har ført til betydeleg kompetanseheving blant mange tilsette. Overgang til digital plattform åleine er ikkje nok. Kurs i digital didaktikk for tilsette er viktig for å få god kvalitet i digitale undervisningstilbod, ikkje minst med tanke på studentaktive digitale undervisningsmåtar. Det nye undervisningsrommet Veksel-Strøm stod ferdig i haust, og her testar tilsette ut og brukar nye digitale studentaktive undervisningsformer.

NOKUT gjennomfører tilsyn med kvalitetssystemet til Høgskulen i Volda i 2020-2021. Tilsynsbesøket ved Høgskulen i Volda vart gjennomført digitalt. Vi har i 2021 fått tilsendt rapport frå det sakkunnige utvalet som arbeider med tilsynet. Dette er ein del av saksgrunnlaget før endeleg styrehandsaming i NOKUT seinare i 2021.

HVO jobba vidare med å følgje opp resultata frå SHOT-undersøkinga frå 2018. Det er oppretta ei velferdsgruppe med representantar frå HVO, studentsamskipnaden og studentparlamentet, i tillegg til studentpresten og studenthumanisten. Målet er å gjere tida som student enklare, kjekkare og tryggare. Det viste seg då pandemien kom at det var viktig og verdifullt at velferdsgruppa alt var oppretta og fungerte godt. Det gjorde det mogleg å starte tidleg med sosiale tiltak retta mot einsame studentar

under pandemien. Velferdsgruppa har mellom anna gjennomført psykisk helsemånad i oktober, førstehjelp i eksamenstida i november med meir. Under pandemien har det vore stor etterspurnad etter rådgivar og psykologtenestene som Høgskulen finansierer i lag med samskipnaden. Vi har forsøkt å auke kapasiteten, men det har vore utfordrande å få tak i nok psykologar.

HVO har prioritert å gi førsteårsstudentar fysisk undervisning, deretter alle bachelorstudentar og lærarutdanningsstudentar. Vi har leigd fleire store lokale i nærområdet for å få store nok undervisningsrom, og har investert i nytt digitalt utstyr for å få dei leigde lokala til å fungere.

## Verksemdmål 1.2: HVO skal styrke forskingsaktiviteten og auke den vitskaplege publiseringa.

### Styringsparametrar

- Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk
- Talet på søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder

### Vurdering av resultat og måloppnåing

Lite publisering samanlikna med sektoren har vore ei anna hovudutfordring for Høgskulen. Fjoråret var eit svært godt år for HVO når det gjeld publisering, som vi difor er ekstra nøgd med Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk var rekordhøgt, dei førebelse tala viser eit resultat på ca. 0,8 poeng per fagleg tilsett[1)]. Det er fleire årsaker til dette. Normalt ligg talet på publikasjonspoeng frå monografiar på rundt 10 prosent av totalen, medan det i 2020 var nesten 30 prosent. Dette er eit tilfeldig utslag som vi ikkje kan forvente kvart år. Samstundes auka også publikasjonar på nivå 2, som gir betre utteljing, til nesten 30 prosent. Vi håper at trenden med å publisere på nivå 2 held fram. I 2019 vart det tildelt 15 FoU-stipend mot normalt 10 per år. Det kan sjå ut til at meir tid til forsking også gav fleire resultat frå forsking året etter.

Her er likevel ein vanskeleg balansegang. Til fleire FoU-stipend som vert tildelte til fast tilsette, til fleire mellombels tilsette må engasjerast for å dekke undervisningsoppgåvene. Mellombels tilsette har som regel lågare forskingskompetanse enn fast tilsette og dermed også mindre forskingstid. Det er også truleg at satsinga på forskingsgrupper har effekt, sidan det har vorte fleire av dei fagtilsette som publiserer.

HVO vedtok i 2020 å signere DORA-erklæringa for å framheve at det er det vitskaplege innhaldet i publikasjonar som tel ved tilsetjingar, og at verdien av alle forskingsresultat vert vurdert i evalueringar av forskinga. Vi ser nytta av at forskingsresultat og -data vert ope tilgjengelege, og HVO gir støtte slik at flest mogleg av publikasjonane våre har open tilgang. Vi vil følgje med på dette også framover, etter kvart som Plan S trer i kraft frå 2021.

HVO arbeider for å leggje til rette for at fleire tilsette skal publisere vitskapleg, mellom anna gjennom FoU-stipend, støtte til forskingsgrupper og dialog om FoU-arbeid i medarbeidarsamtalar. Det var gjennomført eit kurs om argumentasjon i vitskaplege tekster for alle tilsette i haust, og vi planlegg fleire kurs i år. Vi har også starta opp eit forum for forskingsgruppeleiarane, der vi vil samle dei éin gong kvart semesteret for å ha ein dialog om korleis dei jobbar med publisering og prosjektsøknader, og der dei kan få dele erfaringar med kvarandre. I løpet av hausten har vi evaluert og vidareutvikla støtteordningane for forsking og publisering, og dette vert ei sak i høgskulestyret i vår.

HVO har fått tilslag på ein større søknad til Forskingsrådet. Vi søkte også på ei ekstra utlysing med covid-19 som tema. HVO fekk vidare tilslag på ein søknad om tiltak for kjønnsbalanse i akademia frå Forskingsrådet. I tillegg har vi sendt søknader til Regionalt forskingsfond, Møre og Romsdal fylke og DIKU, og vi har vore involverte i fleire forskingsrådssøknader der andre institusjonar er prosjekteigar. Hausten 2020 hadde vi eit motivasjonsmøte for potensielle søkjarar til NFR, EU og RFF i 2021 med informasjon om dei ulike søknadstypane og søknadsevalueringa.

Som følgje av pandemien har det ikkje vore lagt like stor vekt på forskinga som på undervisninga i 2020, men det har vore arbeidd med både publiseringar og forskingssøknader. Forskingsgruppene har mellom anna hatt mindre aktivitet i år. Det er difor sannsynleg at pandemien kjem til å verke inn på resultata på sikt.

## Verksemdmål 1.3: HVO skal ha eit målretta internasjonalt samarbeid som aukar kvaliteten i utdanningane og FoU-arbeidet.

### Styringsparametrar

- Andel utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar
- Talet på utvekslingsstudentar – inn- og utreisande
- Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk
- Andel internasjonale samforfattarskap på tidsskriftartiklar

### Vurdering av resultat og måloppnåing

2020 har sjølvsagt vore eit utfordrande år for studentmobilitet. Både talet på utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ og det samla talet på inn- og utreisande utvekslingsstudentar går naturleg nok ned. I vårsemesteret sende vi ut om lag like mange studentar som tidlegare år. Sjølv om mange av studentane valde å reise tilbake til Volda då pandemien braut ut, vart ingen forseinka i studieløpet fordi dei kunne halde fram med digital utveksling. Ei anna årsak til at talet på utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ går ned, er at Høgskulen har ein vekst i

[1)] Dei endelege tala ligg ikkje føre i DBH før 1. april.

talet på studentar på ikkje-gradsgivande studieprogram, der ein ikkje kan dra på utveksling over tre månader. HVO har relativt mange studentar som har praksis i utlandet. Det har bidrege til utvikling av internasjonalt samarbeid både om utdanning og forsking.

HVO har starta arbeidet med Plan for internasjonalisering 2021–2023, men arbeidet er ikkje gjort ferdig på grunn av pandemien. Utveksling og praksis i utlandet hausten 2020 vart avlyst grunna pandemien, men vi tok inn internasjonale studentar på gradsstudium hausten 2020. Samarbeidet i Erasmus+-prosjektet held fram digitalt.

HVO opna for både innveksling og utveksling våren 2021, men det er langt færre studentar som ønskjer å reise, enn normalt. Vi håper at hausten 2021 blir betre, og vil arbeide for å kome tilbake til eit høgt nivå på studentmobilitet ved Høgskulen.

HVO fekk ikkje tilslag på den eine søknaden til Horisont 2020 som vi sende i 2019. Tilsette ved Høgskulen har heller ikkje fått tilslag på EU-søknader i samarbeid med andre. Vi satsar på å verte sterkare involverte i Horisont Europa. Vi ønskjer meir internasjonalt forskingssamarbeid ved HVO, og ein ny styringsparameter for dette er talet på internasjonale samforfattarskap på tidsskriftartiklar. I 2020 var 12 prosent av tidsskriftartiklane ved HVO internasjonale sampublikasjonar. Vi har som mål å auke dette i åra som kjem, og insentiv til forskingsprosjekt med internasjonale samarbeidspartnarar er eit verkemiddel for å nå målet.

| **Tabell til sektormål 1**<br>**Styringsparametrar** | | **2018** | **2019** | **2020** | **Ambisjon 2020** |
|---|---|---|---|---|---|
| Andel bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid | KD | 65 % | 58 % | 63 % | 65 % |
| Andel masterkandidatar som gjennomfører på normert tid | KD | 28 % | 28 % | 14 % | 30 % |
| Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten | KD | 3,9 | 4,0 | 3,9 | 4,1 |
| Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar | KD | 28 | 30 | 29 | 33 |
| Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk | KD | 0,42 | 0,46 | 0,80* | 0,50 |
| Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk | KD | 0 | 0 | 0 | 5 |
| Andel utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar | KD | 1,2 % | 0,9 % | 0,4 % | 1,2 % |
| Talet på primærsøkjarar i samordna opptak | HVO | 1 349 | 1 349 | 1 449 | 1 350 |
| Talet på kvalifiserte primærsøkjarar per studieplass | HVO | 1,5 | 1,5 | 1,5 | 1,6 |
| Talet på utvekslingsstudentar - inn- og utreisande | HVO | 233 | 239 | 94 | 245 |
| Talet på søknader til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder | HVO | I/T | 7 | 3 | 9 |
| Andel internasjonale samforfattarskap på tidsskriftartiklar | HVO | 11 % | 19 % | 12 %* | 28 % |

*Førebels tal på publikasjonspoeng og andel internasjonale samforfattarskap. Endeleg tal vert rapportert 1. april.

## Sektormål 2 – Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

### Styringsparametrar KD

- Andelen masterkandidatar sysselsette i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning
- Bidragsinntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk
- Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk

### Verksemdmål 2.1: HVO skal vere relevant for samfunnsutfordringane i framtida.

Styringsparameter

- Andelen masterkandidatar sysselsette i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning
- Registrerte studentar i emna digital kompetanse i LU (DigiGLU)

#### Vurdering av resultat og måloppnåing

Ved siste måling i 2019 var 82 prosent av Høgskulen sine masterkandidatar sysselsette i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning. Dette er ein nedgang på om lag 5 prosentpoeng samanlikna med målinga i 2017, men utvalet er lite (27 svar), og vi veit ikkje kva studieprogram dei fem som svarar at dei ikkje har relevant jobb, høyrer til. Det er difor vanskeleg å seie kva nedgangen kjem av.

Eit av delmåla til Høgskulen under dette verksemdmålet er at vi skal sikre arbeidslivsrelevans i alle utdanningar. Høgskulen har lagt særleg vekt på arbeidslivsrelevans i utvalde studieprogram som ikkje er profesjonsretta. Eit døme er BA i historie, der det er lagt inn fleire bedriftsbesøk for å syne studentane arbeidsmogelegheiter for historikarar, og for å skape dialog med arbeidslivet. Eit anna døme er Institutt for planlegging, administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS), der ein har starta alumnusnettverk for å skape eit nettverk mellom noverande studentar, ferdige kandidatar og arbeidslivet.

Høg aktivitet i ReKomp (Kompetanseutvikling i barnehage) og DeKomp (Kompetanseutvikling i skule) styrker grunnutdanningane våre. Ei utviding av samarbeidet med lærarutdanningsskular og lærarutdanningsbarnehagar vert utsett grunna pandemien, men no i haust vert det lyst etter nye lærarutdanningsbarnehagar. HVO sette av midlar til praksisprosjekt på sosialarbeidarutdanninga, noko som har styrkt rettleiarkompetansen hos praksisplassane.

Å satse på digitale læringsprosessar i skulen er eit av dei andre delmåla. Høgskulen har ein auke i talet på registrerte studentar i emna digital kompetanse i lærarutdanningane. DigiGLU-prosjektet er eit stort forskingsprosjekt om profesjonsfagleg digital kompetanse som vert avslutta våren 2021. DigiHand-prosjektet er eit forskingsprosjekt om handskriftsutvikling i digitale klasserom. Prosjektet går som planlagt. Prosjekta har vore viktige bidrag til å heve kvaliteten i lærarutdanninga og styrke den digitale profilen.

Satsinga på framtidsferdigheiter i utdanningane skal mellom anna bidra til at studentane våre har evne til omstilling og innovasjon. Framtidsferdigheiter er også eit av måla i utviklingsavtalen vår. Vi har rapportert på dette under utviklingsavtalen med KD annan stad i årsrapporten. Det vert og jobba med å utvikle ein master i praktiske og estetiske fag, der framtidsferdigheiter skal ha ein sentral plass. Planen er å sende søknad om godkjenning av ein ny master til styret og NOKUT i 2021.

### Verksemdmål 2.2: HVO skal vere ein attraktiv samarbeidspartnar for utvikling, innovasjon og verdiskaping.

Styringsparametrar

- Bidragsinntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk
- Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk

#### Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulen fekk i 2020 tilslag på to søknader til Forskingsrådet, eitt forskarprosjekt og eitt prosjekt for kjønnsbalanse, og det er vi veldig nøgde med. Desse prosjekta blir først inntektsførte i 2021. Vi fekk i 2020 ein liten nedgang i bidragsinntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk. Planen var å sende tre søknader til det nye regionale forskingsfondet. Det vart sendt to søknader, den eine har vi fått tilslag på, og den andre avslag.

Vi har ein auke på 25 % i andre bidrags- og oppdragsinntekter (BOA-inntekter) per fagleg årsverk. Veksten ligg i hovudsak på bidragsprosjekt frå andre statlege etatar. Mellom anna har det vore høg aktivitet i etter- og vidareutdanningsmarknaden for lærarutdanningane. ReKomp og DeKomp har vore den største satsinga for å auke BOA-inntektene, og det er etablert som ei tverrfagleg satsing som involverer fleire avdelingar. Vi fekk ei løyving på 1,5 mill. kr i covid-19-midlar frå DIKU, for å auke kapasiteten på etter- og vidareutdanning for permitterte og arbeidslause.

Kunnskapsdepartementet forventar at Høgskulen er relevant ikkje berre for offentleg sektor, som fleirtalet av våre utdanningar rettar seg mot, men også for næringslivet. Døme på samarbeid med næringslivet er kursa vi held for Maritim foreining for Søre Sunnmøre (MAFOSS). Mellom anna vart det sett opp ekstra kurs som eit covid-19-tiltak, på førespurnad frå MAFOSS. Det er inngått samarbeidsavtale med både Framtidslaben i Ålesund og Skaparhuset i Ulstein, noko som gir oss tilgang til møteplassar med både offentleg og privat sektor. Arbeidet med ein ny kunnskapspark på høgskuleområdet går framover. Høgskulen er godt representert i styringsgruppa for Kunnskapsparken. Kommunen har oppretta eit kommunalt utviklingsselskap som

har fått i oppgåve å få bygget realisert, og planlagd byggestart er hausten 2022.

Vi har fleire samarbeidsprosjekt med kommunar og fylkeskommunen. Mellom anna har vi inngått overordna samarbeidsavtale om FoU med Ålesund kommune, og rektor er medlem av styringsgruppa for ny forskings- og innovasjonsstrategi for Møre og Romsdal. HVO har eit mangeårig samarbeid med fylket gjennom Seanse, der ein arbeider med arbeidslivsrelevans for kultursektoren. Vidare samarbeider HVO med Møre og Romsdal fylkeskommune om folkehelseprogrammet, der vi bidreg med kompetansebygging i Fylkeskommunen og i involverte kommunar.

## Verksemdmål 2.3: HVO skal ta aktivt del i samfunnsdebatten regionalt og nasjonalt.

### Styringsparametrar

- Talet på publiserte kronikkar

### Vurdering av resultat og måloppnåing

Dette er eit av områda som ikkje har fått like mykje fokus under pandemien, og vi nådde ikkje målet vårt om å publisere 45 kronikkar; resultatet vart 32. Det er likevel sett i verk tiltak for å synleggjere forskinga vår betre.

Vi jobbar med å revidere interne retningslinene for registrering og premiering av formidling, for å få fleire til å publisere i regionale og nasjonale medium, og det vert arbeidd med å synleggjere dei tilsette sin kompetanse betre, mellom anna på nettsidene våre. Elles har HVO kjøpt eit prøvemedlemskap i forskning.no for å synleggjere forskinga vår, og det er laga videoar som presenterer forsking utført av fleire av våre tilsette. Desse blir distribuerte i sosiale medium, og det har gitt resultat i form av meir presseomtale.

| Tabell til sektormål 2<br>Styringsparametrar | | 2018 | 2019 | 2020 | Ambisjon 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| Bidragsinntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk | KD | 12 | 12 | 11 | 13 |
| Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk | KD | 95 | 102 | 128 | 110 |
| Andelen masterkandidatar sysselsette i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning | KD | I/T | I/T | 82 % | 95 % |
| Talet på registrerte studentar i emna digital kompetanse i LU (DigiGLU) | HVO | 226 | 250 | 319 | 220 |
| Talet på publiserte kronikkar | HVO | 30 | 39 | 32 | 45 |

I/T: Ikkje tilgjengelege tal

## Sektormål 3 – God tilgang til utdanning

### Styringsparameter KD

- Kandidattal på lærarutdanningane, jf. måltal

#### Vurdering av resultat og måloppnåing

Høgskulen har nådd måla for kandidattal på BLU og PPU, men ikkje på GLU. På GLU 1–5 ligg vi tett på målet, med 25 produserte kandidatar, mot måltal 29. På GLU 1-7 er vi ikkje nøgde med at vi berre har produsert 15 kandidatar, mot eit måltal på 43. Gjennomstrøyminga på GLU 1-7 var våren 2020 61 %, så årsaka til låg kandidatproduksjon er først og fremst at vi ikkje har klart å ta opp nok studentar i utgangspunktet. Dette er ei nasjonal utfordring, og det har vore jobba aktivt med rekrutteringskampanjar for å få fleire søkjarar. Under rapportering på utviklingsavtalen er det gjort greie for tiltak for å betre kvaliteten i lærarutdanningane.

### Verksemdmål 3.1: HVO skal vere god på fleksible utdanningar som kan takast uavhengig av tid, stad og livsfase.

#### Styringsparametrar

- Talet på studentar på nettundervisning og desentralisert undervisning

#### Vurdering av resultat og måloppnåing

HVO har gjennom åra vore ein stor tilbydar av fleksible utdanningar, og det skal vi halde fram med i tråd med regjeringa si kompetansereform – Lære hele livet. I samband med strategiprosessen i 2021 vil styret og Høgskulen drøfte kva strategi vi skal ha for fleksible utdanningar framover. Det har ikkje vore eit mål å auke talet på studentar på eigenfinansierte nettilbod, då det mellom anna har vore utfordrande å klare å få ei god gjennomstrøyming på desse tilboda. Høgskulen hadde som mål å redusere talet på studentar på nett- og desentralisert utdanning noko, men vi har i staden hatt ein auke. Auken kjem først og fremst av at vi fekk mange studentar på Høgskulen sin første heildigitale bachelor i historie, og ein stor auke på digital kompetanse i læring, der vi tilbyr emne på 5 studiepoeng for lærarar i fleire kommunar på Sunnmøre.

Det har vore arbeidd mykje med digitale undervisningstilbod i samband med pandemien, men sidan Høgskulen var fysisk stengd frå mars til juni 2020, er ikkje Læringsverkstaden brukt i like stor grad som vi kunne ønskje. I oktober 2020 gav utdanningsutvalet klarsignal til å utvikle ein ny nettbasert bachelor i religion og kultur.

HVO har teke opp det første kullet på erfaringsbasert master i undervisning og læring. Det vert arbeidd med ein revidert søknad om erfaringsbasert master i samfunnsplanlegging, og han blir truleg send i løpet av 2021.

### Verksemdmål 3.2: HVO skal styrke Volda som regional studiestad.

#### Vurdering av resultat og måloppnåing

HVO sitt delmål er at vi i samarbeid med Studentsamskipnaden skal vidareutvikle eit kompakt høgskuleområde med nærleik mellom studentar, tilsette og arbeidslivet. Det har vore høg aktivitet når det gjeld utvikling av høgskuleområdet, trass i pandemien, og det er vi svært nøgde med.

Det nye mediehuset, som har fått namnet Sivert Aarflot-huset, er i rute, og frå hausten 2021 vil studentar og tilsette få tilgang til eit toppmoderne mediehus. Kunnskapsparken skal etablerast på tomta der avdeling for mediefag i dag held hus. Vidare har Høgskulen i 2020 bygd om eit av dei gamle auditoria til eit moderne undervisningslokale som er lagt til rette for studentaktiv læring. Lokalet, kalla Veksel-Strøm, er teke i bruk, og tilbakemeldingane frå både studentar og tilsette er veldig gode.

I september 2020 vedtok styret ein ny campusutviklingsplan. Planen skal sikre ei langsiktig utvikling av høgskuleområdet. Høgskulen vil nytte avsetningar for å få realisert tiltak i planen, og vi har oppbemanna på eigedomsavdelinga for å ha nok planleggingsressursar til å gjennomføre dei planlagde tiltaka.

| Tabell til sektormål 3<br>Styringsparametrar | | 2018 | 2019 | 2020 | Ambisjon 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| Kandidattal på helse- og lærarutdanningane | KD | 247 | 233 | 180 | 199 |
| Kandidattal GLU 5–10 | KD | 29 | 40 | 25 | 29 |
| Kandidattal GLU 1–7 | KD | 21 | 26 | 15 | 43 |
| Kandidattal BLU | KD | 112 | 77 | 70 | 59 |
| Kandidattal PPU | KD | 85 | 90 | 70 | 68 |
| Talet på studentar på nett- og desentralisert undervisning | KD | 1 110 | 1 395 | 1 325 | 1 200 |


Engasjement
Fellesskap
Stemning
Samhold
ARIF
VIL DU VERE MED
Å ARRANGERE
DAGNY
AURORA
Smart Gabby
ROKKEN





## Sektormål 4 - Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem

### Styringsparametrar KD

- Talet på studiepoeng per fagleg årsverk
- Andelen kvinner i dosent- og professorstillingar
- Andelen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar

### Verksemdmål 4.1: HVO skal ha ein tydeleg profil og vidareutvikle samarbeidet med andre UH-institusjonar.

#### Vurdering av resultat og måloppnåing

Delmåla for dette verksemdmålet har vore å kontinuerleg arbeide med strategisk utvikling av studieporteføljen, og å greie ut moglegheiter og utfordringar ved å halde fram som sjølvstendig høgskule eller eit forpliktande samarbeid med andre institusjonar i UH-sektoren.

Strategiprosessen for HVO var det viktigaste tiltaket for å arbeide med strategisk utvikling av studieporteføljen. Sjølve strategiprosessen er utsett til 2021 grunna pandemien, men styring og dimensjonering av studieporteføljen har vore diskusjonstema på styreseminaret i 2020.

Når det gjeld forpliktande samarbeid med andre UH-institusjonar, har HVO teke kontakt med UiB for å fornye samarbeidsavtalen, men dette har ikkje vorte prioritert av UiB så langt. Det var sonderingar med Høgskulen på Vestlandet (HVL) i starten av året, men det har ikkje vore samtalar etter det. Det er naturleg å ta ein ny prat når ny rektor og leiing ved HVL er på plass. Samarbeidsavtalen med UH-Nett Vest er fornya.

### Verksemdmål 4.2: HVO skal arbeide for eit høgt kompetansenivå og eit godt arbeidsmiljø.

#### Styringsparametrar

- Andel førstestillingar av totalt tal på undervisnings- og forskingsstillingar
- Andelen kvinner i dosent- og professorstillingar
- Andel kvinner av tilsette med førstekompetanse
- Andelen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar
- Talet på studiepoeng per fagleg årsverk
- Gjennomsnittleg sjukefråvær per år

#### Vurdering av resultat og måloppnåing

Rekruttering og utvikling av kompetanse er både eit av områda i Høgskulen sin utviklingsavtale, og eit av dei områda styret har ekstra merksemd på. Høgskulen har hatt ein auke i andel førstestillingar av totalt antal UFF-stillingar frå 49 % til 52 %. Målet var 55 %, men vi er likevel nøgde med ei positiv utvikling. Rekrutteringsgrunnlag for første- og toppstillingar er lågare i distriktet enn for institusjonar i dei sentrale strøka, og Høgskulen jobbar difor systematisk med intern kompetansebygging i organisasjonen. I 2020 var det åtte tilsette som fekk opprykk til førstekompetanse, medan fire fekk opprykk til toppkompetanse.

Andelen kvinner i toppstillingar har gått ned frå 28 % til 25 %, medan andelen kvinner med førstekompetanse har gått ned frå 46 % til 45 %. Eit fleirtal av dei som fekk opprykk til førstekompetanse ved HVO, var kvinner, men ingen kvinner fekk opprykk til toppkompetanse i 2020. Det er likevel fleire kvinner som arbeider med professorsøknad. I 2020 fekk vi tilslag på BalanseHub-midlar frå Noregs forskingsråd (NFR) for å fremje kjønnsbalanse i forskinga. Høgskulen har fokus på å framheve kvinnelege rollemodellar og har mellom anna laga korte videopresentasjonar av dyktige kvinnelege forskarar ved Høgskulen. Fleire kvinner har dei siste åra fått Høgskulen sin FoU-pris.

Høgskulen har ein reduksjon i mellombels tilsette i UFF-stillingar frå 17 % i 2019 til 15 % i 2020. Høgskulen har mange prosjekt innanfor etter- og vidareutdanning med mellombels finansiering, der det tidlegare har vore tilsett personar i mellombelse stillingar. I tråd med regjeringa sitt ønske har vi i større grad tilsett i faste stillingar, sjølv om finansieringa ikkje er permanent. I tillegg kjem noko av reduksjon av eit lågare sjukefråvær i 2020 enn 2019, og såleis eit redusert behov for vikarar. Vi ligg framleis noko over gjennomsnittet i statleg sektor, og har mål om ytterlegare reduksjon.

Talet på studiepoeng per fagleg årsverk gir eit bilete på kor mykje undervisning dei fagleg tilsette har. Høgskulen ligg godt over snittet i sektoren, og vi ønsker å redusere talet for at tilsette skal ha tid til kompetanseheving og få lågare arbeidspress. Høgskulen har ikkje redusert talet på studiepoeng per fagleg årsverk. Vi har likevel stabilisert oss på eit lågare nivå dei siste tre åra enn tidlegare.

HVO hadde eit mål om sjukefråvær på under 4,9 % i 2020, medan resultatet vart 6,0 %. Sjølv om vi ikkje nådde målet, er vi nøgde med at vi reduserte sjukefråværet med 0,9 % frå 2019. Årsakene til at vi ikkje har nådd målet, kan vere fleire langtidssjukemelde, der årsakene til sjukefråværet har vore samansette. Det er også sannsynleg at pandemien har medført belastningar knytte til arbeid og privatliv. Høgskulen arbeider systematisk med sjukefråværsoppfølging. Leiarar, verneombod og tillitsvalde har delteke i sjukefråværsopplæring i regi av bedriftshelsetenesta, NAV og arbeidslivssenteret. To avdelingar har delteke i eit nærværsprosjekt som oppfølging etter opplæringa, dei andre avdelingane har fått tilbod om tilpassa opplæring.

## Verksemdmål 4.3: HVO skal effektivisere drifta.

Styringsparametrar

- Driftskostnader per avlagd 60-studiepoengeining (1000 kr)
- Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på administrative stillingar

### Vurdering av resultat og måloppnåing

Vi har ein liten auke i driftskostnader per avlagde 60 studiepoeng, noko som var i tråd med mål-settinga. Over år har vi hatt ein stor auke i studenttalet, samstundes som administrasjonen ikkje har auka tilsvarande. Det har vore behov for å auke den administrative bemanninga litt, for å halde oppe kvaliteten. I tillegg kjem auken av at vi har ein nedgang i studiepoengproduksjonen frå 2019 til 2020.

Ser ein på tilhøvet mellom tilsette i UFF-stillingar og talet på administrative stillingar, har vi gått frå 2,9 til 2,8. Målet var 2,7, jamfør behovet for å utlikne auken i studentar dei siste åra. Høgskulen driv effektivt og er godt nøgd med utviklinga. I 2020 har ein måtta setje nokre effektiviseringsoppgåver på vent grunna den pressa pandemisituasjonen, men vi har likevel fått gjennomført fleire viktige aktivitetar. Det har mellom anna vore jobba med prosesskartlegging som grunnlag for digitalisering og prosessforbetring, og dette blir ei stor oppgåve framover. I åra framover kjem det mange nye digitale fellesløysingar for UH-sektoren, og det er viktig at organisasjonen har kapasitet til å ta dei i bruk på ein god måte. Tilsetjing av ein ny digitaliseringsrådgivar er eit ledd i dette arbeidet, og vi er godt i gang med å førebu innføring av mellom anna TOA-løysinga (tilsetting og arbeidskontrakt) og arbeidslivsportalen (portal for samarbeid mellom studentar, høgskule og praksisstader).

| Tabell til sektormål 4<br>Styringsparametrar | | 2018 | 2019 | 2020 | Ambisjon 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| Talet på studiepoeng per fagleg årsverk | KD | 641 | 636 | 643 | 630 |
| Andel kvinner i dosent- og professorstillingar | KD | 22 % | 28 % | 25 % | 30 % |
| Andel mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar | KD | 17 % | 17 % | 15 % | 10 % |
| Driftskostnader per avlagd 60-studiepoengeining (1 000 kr) | HVO | 146 | 152 | 154 | 160 |
| Forholdstal mellom tilsette i undervisnings- og forskarstillingar og talet på administrative stillingar | HVO | 3,1 | 2,9 | 2,8 | 2,7 |
| Andel førstestillingar av samla årsverk i undervisnings- og forskarstillingar | HVO | 52 % | 49 % | 52 % | 55 % |
| Andel kvinner av tilsette med førstekompetanse | HVO | 40 % | 46 % | 45 % | 50 % |
| Gjennomsnittleg sjukefråvær per år | HVO | 5,8 % | 6,9 % | 6,0 % | 4,9 % |

## Utviklingsavtalen med KD

Høgskulen i Volda inngjekk i 2018 ein utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet. Avtalen identifiserer fire område der HVO skal gjere ein særleg innsats dei komande åra. Måla skal vere innfridde innan utgangen av 2022, og i det følgjande gjer vi greie for status på avtaleområde halvvegs i avtaleperioden.

### Mål 1. Lukkast med planen for nye grunnskulelærarutdanningar

*Mål: Høgskulen i Volda skal utvikle ei kvalitativt god og særmerkt femårig grunnskulelærarutdanning med digital og internasjonal profil.*

Status på måleparametrar:

*1. Gjennomføre kompetansehevingsprosjektet DigiGlu («Digitalisering av grunnskulelærarutdanning») i tråd med prosjektplanen*

DigiGLU har hatt fire hovudsiktemål i 2020:

- Vidareutvikle innhaldet i PfDK-progresjonstrappa (Profesjonsfagleg digital kompetanse) i MAGLU i samråd med fagmiljøa og studentane, og integrere og vidareutvikle vektlegginga av PfDK i faga
- Styrke opplæringstilbod og støtte til digital undervising og PfDK gjennom Lærings-verkstaden, særleg knytt til Korona-tiltak
- Vidareutvikle samarbeidet med praksisfeltet i prosjektet gjennom styrking av digital satsing i Dekomp og Rekomp
- Ein digital utviklingsplan for grunnskulelærarutdanningane for 2021–2025, med både generelle og fagspesifikke utviklingsmål
- På grunn av Korona-pandemien er nokre av tiltaka utsette, og i samråd med DIKU og Udir vil prosjektet bli avslutta våren 2021.

*2. Utvikle samarbeid med lærarutdanningsskular (partnarskular)*

Frå 2018 har HVO hatt eit partnarskapssamarbeid med to lærarutdanningsskular (LU-skular), Velle skule i Ørsta og Øyra skule i Volda. Covid-19 har gjort eit tett samarbeid mellom skulane utfordrande siste året, og vi skulle gjerne sett at vi hadde hatt høgare aktivitet og kome endå lenger i samarbeidet. Døme på viktige delar av dette samarbeidet, er mellom anna:

- Dei felles møteplassane som vart skipa hausten 2018, bidreg til å skape føreseielege rammer for arbeidet, senkar terskelen for å ta kontakt og opnar for tettare samarbeid.
- Fleire seksjonar har hatt fagretta samarbeid med LU-skulane der praksislærarar og faglærarar mellom anna har samarbeidd om undervisningsopplegg for studentar og elevar.
- Begge LU-skulane har oppretta praksisforum der praksislærarane møtest. LU-koordinator frå HVO deltek på desse møta og kan på denne måten få betre innsikt i kva som rører seg i praksisskulane, og bruke denne kunnskapen inn mot arbeidet på Høgskulen.
- Ei delt stilling mellom Øyra skule og HVO har blitt vidareført. Ein praksislærar har ei stilling ved HVO knytt til rettleiingsverktøyet MOSO, som GLU-studentane bruker i praksis.

Det blir arbeidd med å få ein tredje skule inn i samarbeidet. I tillegg ønskjer vi fleire delte stillingar velkomne, der praksislærarar frå LU-skulane blir tilsette på HVO i mindre stillingar, knytte opp mot ulike fagmiljø. LU-skulane er også viktige samarbeidspartar inn i arbeidet med masteroppgåver på MAGLU.

*3. Styrke det internasjonale perspektivet i grunnskulelærarutdanningane ved HVO*

Den internasjonale satsinga til grunnskulelærarutdanningane ved HVO vart i stor grad påverka av korona-pandemien i 2020. Den planlagde internasjonale lærarutdanningskonferansen, ITS Volda 2020, vart avlyst, og studentane fekk ikkje moglegheit til å ta praksis i Spania, slik som er vanleg i tredje semester. Grunnskulelærarutdanningane hadde totalt tolv studentar på utveksling våren 2020 då pandemien braut ut. Det var to studentar meir enn i 2019. Desse studentane vart følgde tett opp av internasjonalt kontor og fullførte semesteret i utlandet eller heime i Noreg over nett. Ser vi på kvar studentane reiser, så er Australia/New Zealand, USA og Storbritannia populære land, medan dei skandinaviske partnaruniversiteta i liten grad vert valde.

*4. Styrke rettleiarkompetansen i grunnskulelærarutdanningane i høve masteroppgåve, i tråd med behova ved innføring av ny grunnskulelærarutdanning på masternivå*

Dei tilsette ved HVO får tilbod om ulike høgskulepedagogikkurs i rettleiing. Vi har eitt kurs i rettleiing på fagtekst, og eitt kurs i rettleiing på mastergradsnivå.

Formålet med kurset rettleiing på mastergradsnivå er å gi deltakarane praktisk og teoretisk innsikt i rettleiing som læringsform knytt til mastergradsnivå. Emnet er forankra i rettleiingspedagogikk som er tilpassa dei ulike konkrete studieprogramma ved Høgskulen i Volda. Emnet gir brei og tverrfagleg innsikt i problemorientert rettleiing, både individuelt og i gruppe. Eit sentralt tema er å støtte faglærar i utfordringar i rettleiinga av eigne mastergradsstudentar, og studiet skal stimulere til kontinuerleg utvikling av den pedagogiske kompetansen til faglæraren. Emnet kan også inngå i pedagogisk merittering. I 2020 har 42 tilsette gjennomført dette kurset.

### Mål 2. Styrke posisjonen som ein framifrå studiestad for yrkesretta medieutdanning

*Mål: Høgskulen i Volda skal vidareutvikle sin posisjon som ein framifrå studiestad for yrkesretta medieutdanning i Noreg ved å satse på teknologi, kompetanseheving, undervisningslokale og nærleik til praksisfeltet.*

Det nye mediehuset, som har fått namnet Sivert Aarflot-huset, står ferdig til semesterstart hausten 2021 og fell saman med 50-årsjubileet for medieutdanningane. Det nye huset vil samle alle medieutdanningane under eitt tak og gi oss moglegheit for synergieffektar på tvers av studieprogramma. Vi ventar at bygget skal gjere oss meir konkurransedyktige og auke søknaden til studia.

### Status på måleparametrar:

*1. Bygge om bachelorgradane medieproduksjon og mediedesign til to ulike løp med tydelegare yrkesretning*

Det har vist seg at det ikkje har vore berekraftig over tid å halde fram med begge bachelor-programma. I 2019 vart det vedteke å ikkje ta opp studentar på mediedesign framover, mellom anna fordi fagmiljøet var lite robust og tilbakemeldingane frå studentane ikkje dei beste. Studieplassane frå mediedesign har sidan 2019 gradvis vorte overførte til medieproduksjon og PR/kommunikasjon for å styrke desse studieprogramma.

Medieproduksjon har i løpet av året 2020 revidert studieprogrammet for utdanninga. Dei nye studentane hausten 2021 vil starte på ei oppdatert og framtidsretta utdanning. Det nye Sivert Aarflot-huset vil gi utdanninga eit løft ved å tilby nye produksjonsfasilitetar og verkstader som gir høve til eksperimentering og utprøving av ulike element i medieproduksjonsutdanninga.

*2. Utvikle ein innovativ, digital medielab saman med studentane våre og dei tilsette, som gjer at medieutdanninga i Volda ligg i forkant av den raske utviklinga i mediebransjen, og for å møte behov for digital kompetanse i samfunnet*

I det nye Sivert Aarflot-huset er det planlagt ein «Future Lab», som skal kunne nyttast av studentar og tilsette som eit framtidslaboratorium for forsøk og utvikling innanfor ulike mediefag. Planen er at det vert lagt til rette for eksperimentering og utprøving både for forskarar, undervisarar og studentar kvar for seg – og saman.

*3. Utvikle nye og vidareutvikle eksisterande samarbeidsprosjekt, praksisutplassering og utvekslingsavtalar med bransjeaktørar, mediehus og internasjonale FoU-samarbeid*

Styrken til medieutdanningane i Volda er nærleiken til praksisfeltet, både gjennom praksis og ved å hente bransjerepresentantar inn i undervisninga. Tradisjonelt har det ikkje vore problem å få praksisplassar, men pandemien har gjort det vanskelegare. Det har difor vore naudsynt å legge til rette for intern praksis på nokre studieprogram.

I 2020 fekk HVO/AMF saman med tre partnarinstitusjonar ei løyving på 1 mill. Euro frå Deutscher Akademischer Austauschdienst til et 4-årig prosjekt for å utvikle dobbeltgrad, internasjonale studentprosjekt, felles undervisning m.m. I tillegg har AMF allereie ein dobbeltgrad i samarbeid med Kiel University of Applied Sciences både på BA og MA-nivå. Å utvide samarbeid om FoU med dei utanlandske partnarane våre er eit viktig satsingsområde for AMF, og fleire av forskingsgruppene ved AMF har større og mindre samarbeid med internasjonale partnarar.

AMF har ein fleirårig kontrakt med Medietilsynet om vurdering av medieinnhald med rett på støtte, og utvikling av system og metodar for klassifisering, og har motteke midlar frå RAM (Rådet for anvendt medieforsking) og PFF (Pressens faglitterære fond) til forsking på og bokutgiving om pressestøtta sin posisjon og verknadar. Eit NFR-prosjekt der tilsette ved AMF samarbeider med UiB, NRK, Hidden og "Dovreprosjektet" om utvikling av lokasjonsbaserte informasjonssystem, må også nemnast. AMF er dessutan involvert i ei rekkje prosjekt der institutt for kommunikasjon har ansvaret for forskingsformidling i samarbeid med andre forskingsmiljø og industrien.

Avdelinga har nyleg sendt inn ein NFR-søknad (kompetanse- og samarbeidsprosjekt) om "Dark Participation and Media Literacy", i samarbeid med lokale skular og Medietilsynet.

*4. Sende søknad om SFU innanfor tematikken digital mediepraksis*

Av ymse grunner hadde ikkje avdelinga kapasitet til å halde fram med SFU-søknaden som var send i 2019, og som førebels hadde fått gode vurderingar. Grunna pandemien, skifte i personalet og arbeidet med det nye Sivert Aarflot-huset har det ikkje vore mogleg å arbeide fram ein ny søknad enno, men planen er å gå i gang når avdelinga er på plass i det nye huset og vonleg kunne sende ein ny søknad i 2022.

## Mål 3. Ha fagleg fokus på ferdigheiter for framtida (Future skills)

*Mål: Høgskulen ønskjer i utviklingsavtalen å arbeide tverrfagleg med eit framtidsperspektiv på kunnskap for at utdanningane og forskinga vår skal vere best mogleg tilpassa dei behova samfunnet har i framtida.*

### Status på måleparametrar

*1. Arbeide vidare med det teoretiske grunnlaget for ferdigheiter for framtida i fagmiljøa på HVO ved å drive tverrfagleg forsking og publisering, og utvikle nettverk og prosjekt nasjonalt og internasjonalt*

I 2020 har HVO halde fram arbeidet med å vidareutvikle det teoretiske kunnskapsgrunnlaget for ferdigheiter for framtida gjennom ein systematisk gjennomgang av internasjonal forskingslitteratur. Future Skills fekk i år tildelt såkornmidlar for å gå systematisk gjennom internasjonal litteratur på feltet. Dei førebelse funna frå litteraturstudien vart presenterte via nett på den tradisjonelle faglege delen av HVO sin offisielle studiestart, med inviterte eksterne gjestar. Opptak av presentasjonane vart gjorde tilgjengelege for eit breiare publikum under Forskingsdagane 2020. Ein har jobba på tvers av avdelingane og fagmiljøa med å utvikle funna frå pågåande forskingsprosjekt for vitskapleg publisering i internasjonalt anerkjende tidsskrift. I 2020 vart fleire vitskaplege artiklar publiserte, med relevante tema for kunnskapsgrunnlaget for Future Skills prosjektet.

Relevante bidrag frå HVO var antekne til internasjonale konferansar og nettverksbygging på Island sommaren 2020, men grunna pandemien er dette utsett til 2022. Parallelt har ein jobba fram og sendt inn to søknader om eksterne forskingsmidlar, den eine til NFR og den andre til EU gjennom «KAPPA-grants for Czech-Norwegian research», prosjekttittel «Future skills in Education: Experiences of meaning, awe and wonder in learning processes». Ein tredje forskingssøknad er under arbeid. Som ledd i satsinga oppretta ein i slutten av 2020 den tverrfaglege forskingsgruppa Future Skills Lab. Forskingsgruppa har medlemmer med første- og toppkompetanse frå tre av dei fire avdelingane ved Høgskulen.

*2. La læringsutbyteformuleringar i utdanningane våre få tydelege framtidsperspektiv og tilby framtidsferdigheiter som emne i etablerte utdanningar*

HVO sitt faglege fokus på Future Skills gjer det mogleg å svare på «tiltak for å utvikle krevjande og givande studieprogram» (jf. etatstyringsbrev 2019). Gjennom eit slikt spissa omdreiingspunkt vil eit fagleg søkjelys på framtidsferdigheiter føre til ei satsing på meir individualiserte og personlege eigenskapar enn tidlegare. Det er svært viktig at ein utdannar for ferdigheiter eller kompetansar som har solid forankring i forsking på nettopp dette. Det er også viktig å jobbe systematisk med å dokumentere desse eigenskapane gjennom vår eigen praksis med studentane, som grunnlag for å endre på eigen praksis. Gjennom å produsere meir i denne forskinga legg ein grunnlaget for å profilere dei tverrfaglege master- og doktorgradane som utdanningsutvalet ved HVO i 2020 vedtok å utvikle. HVO sitt mål om å gi læringsutbytteformuleringane eit tydeleg framtidsperspektiv er eit svært omfattande arbeid. Ut frå kunnskapsgrunnlaget ein har etablert gjennom litteraturstudien, er det planlagt å utvikle analytiske verktøy og byggje opp ein database som også omfattar menneskelege ferdigheiter, og ikkje berre måler kognitive ferdigheiter.

*3. Styrke og vidareutvikle det faglege innhaldet i regionale og internasjonale innovasjonspartnarskap ved å gi framtidsferdigheiter ei tydeleg rolle.*

HVO har arbeidd vidare med realisering av Volda Kunnskapspark, der HVO har styreleiarrolla. I styringsgruppa sit HVO, Volda kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Sunnmøre Kulturnæringshage. Volda kunnskapspark skal bidra til å realisere eit innovasjonspartnarskap med det regionale arbeids- og kulturlivet på høgskuleområdet – med vektlegging av ferdigheiter for framtida. Gjennom 2020 har HVO også vore i dialog med regionale innovative aktørar, m.a. Ålesund kommune, Møre og Romsdal fylke, Framtidslabben, Sparebanken Møre og Skaparhuset – Ulstein Næringsforum. Internasjonalt har vi vidareutvikla innovative forskingspartnarskap med mellom andre Palacký University Olomouc, Tsjekkia.

## Mål 4. Rekruttering og utvikling av toppkompetanse

*Mål: HVO skal over tid rekruttere og utvikle toppkompetanse for å gi Høgskulen, studentar og arbeidslivet tilgang til høg og oppdatert kunnskap.*

### Status på måleparametrar:

*1. Ved slutten av perioden er prosenten fast fagtilsette med førstekompetanse 60 % og med toppkompetanse 15 %, 1/3 av dei sistnemnde kvinner.*

Status for fast tilsette ved utgangen av 2020 er som følgjer (kjelde DBH):

- Toppkompetente: 14 %
- Minst førstekompetente: 58 %
- Kvinner blant toppkompetente: 25 %

Andelen toppkompetente og minst førstekompetente har auka samanlikna med 2019, og HVO er på god veg til å nå målet om 15 prosent toppkompetente og 60 prosent med minst førstekompetanse. Men vi held ikkje like stø kurs når det gjeld andelen kvinner blant toppkompetente. HVO har fått midlar frå NFR til eit balanseprosjekt – Kvinneløftet – som særleg er retta mot å betre kjønnsbalansen mellom dei toppkompetente og forskingsgruppeleiarane ved HVO. HVO har mange kvinner blant tilsette med førstekompetanse, og det er eit godt utgangspunkt for å få fleire toppkompetente kvinner. Men sidan også fleire menn kjem til å oppnå toppkompetanse, er målet om 25 prosent kvinner blant toppkompetente eit bevegeleg mål.

Det er noko variasjon i kompetansenivå mellom avdelingane og mellom studieprogram innanfor avdelingar. HVO arbeider med å auke den generelle kompetansen, men det er grunn til å arbeide spesifikt med å få opp kompetansen i fagmiljøa i nokre av studieprogramma.

Ein professor II er tilsett ved HVO spesielt med tanke på verksemd retta mot at tilsette skal oppnå pedagogisk basiskompetanse. Professoren har særleg kompetanse i rettleiing og har ansvar for eit studiepoenggivande kurs i rettleiing, som tilsette ved HVO får tilbod om. Tiltaket har gitt resultat i form av at fleire tilsette har fått og er i ferd med å oppnå pedagogisk basiskompetanse på bakgrunn av utdanning. Pedagogisk basiskompetanse er nødvendig for å få kompetanse som førsteamanuensis og professor.

*2. Auke inntektene frå NFR og andre eksterne FoU-inntekter*

Alle avdelingane ved HVO arbeider målretta for å auke inntektene frå NFR og andre eksterne finansieringskjelder, og det gir resultat. I desember 2020 fekk HVO tilslag på NFR-midlar til eit stort forskingsprosjekt. Prosjektet har tittelen Mandatory Reporting of Intimate Partner Violence. HVO er prosjekteigar, og Høgskolen i Molde og Politihøgskolen er samarbeidspartar. Finansieringa frå NFR er på vel 12 millionar kroner, i tillegg kjem ein stor del eigenfinansiering. Både professorstipend, forskarstillingar og ph.d.-stipendiatar blir ein del av prosjektet,



som såleis vil bidra til både vitskapleg publisering, rekruttering og utvikling av toppkompetanse ved HVO.

Det er per februar 2021 sendt fire prosjektsøknader til NFR, og tilsette ved HVO er også involverte i fleire NFR-prosjekt og søknader som samarbeidspartnarar.

Fagmiljø ved HVO arbeider med FoU-prosjekt med finansiering frå regionale forskingsfond, fylkeskommunar, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet, Rådet for anvendt medieforsking, kommunar i regionen og fleire andre.

Forskingsprosjekta vi har fått tilslag på i 2020 (både NFR og andre eksterne kjelder), og dei søknadene vi har på gang, viser at HVO er inne i ei positiv utvikling når det gjeld målet om å auke inntektene frå NFR og andre eksterne finansieringskjelder.

*3. Auke publiseringspoeng per fagleg årsverk til 0,65 og til 40 formidlingspoeng per fagleg årsverk*

Førebelse tal for 2020 viser at HVO oppnådde 0,8 publiseringspoeng per fagleg årsverk, og dette er ein monaleg auke frå 2019. Med andre ord er vi per i dag over målet i utviklingsavtalen. Det er mogleg 2020 var eit uvanleg godt publiseringsår, og det er kanskje ikkje grunn til å forvente same auke vidare. Men vi har ambisjonar om å halde nivået. HVO arbeider målretta med publisering, mellom anna gjennom strategisk arbeid via ulike tiltak ved avdelingane og gjennom forskingsgruppene, som får støtte til publiseringsaktivitet.

Det er klare samanhengar mellom målet om fleire toppkompetente og førstekompetente og måla om fleire publiseringspoeng per faglege årsverk. Å oppnå kompetanse føreset publisering og formidling.

## Rapportering på andre område

### Samfunns- og effektmål for byggeprosjekt

Sommaren 2021 skal det nye mediehuset – Sivert Aarflot-huset – stå klart. Statsbygg er byggherre, og prosjektet er finansiert som eit kurantprosjekt.

For å nå samfunns-og effektmåla er det ein føresetnad at brukarane kan nytte huset på ein optimal og hensiktsmessig måte. For å sikre at prosjektet når dei fastlagde måla, har Statsbygg og Høgskulen etablert ein prosjektorganisasjon som legg vekt på styring og forankring av avgjerder, og medverknad frå brukarane. Høgskulen har i heile planleggings- og byggefasen sett av ressursar til å involvere brukarane, og det er etablert ei «sløyfe» for avgjerder som sikrar at samfunns- og effektmål blir handsama tidleg i prosessen, og at relevante delar av organisasjonen er involverte.

Høgskulen har sett av 29 mill. kr av eigne midlar til å finansiere inventar og utstyr, slik at huset skal fungere etter intensjonen. Det er lagt vekt på å møblere slik at det ligg til rette for studentaktiv læring og eit godt læringsmiljø. Det blir kjøpt inn oppdatert medieteknisk utstyr som gjer at studentane får praksis i eit miljø likt kvardagen dei møter i arbeidslivet. Dei tilsette er no i ferd med å lage retningslinjer og levereglar for arbeidsarealet, som blir ein kombinasjon av opne areal og einskildkontor, slik at huset både skal gi gode føresetnader for tett fagleg samarbeid og høve til konsentrasjon og forsking. Avdeling for mediefag (AMF) har i 2020 gjennomført eit større revisjonsarbeid på fleire studieprogram, slik at både dei fysiske omgivnadane og det faglege innhaldet er tilpassa framtidige behov i arbeidslivet når ein flyttar inn i det nye huset.

### Midlar til oppgradering av forskings- og læringsareal

Høgskulen fekk i 2019 tildelt 3 mill. kroner til oppgradering og tilpassing av forskings- og utdanningsareal til prosjektet Veksel-Strøm. Tildelinga frå KD skal vere med og dekke investering i bygg og lokale og skal ikkje brukast til utstyrsinvesteringar.

Prosjektet Veksel-Strøm gjaldt ombygging og oppgradering av det største auditoriet i Hans Strøm-huset. Frå å vere eit tradisjonelt auditorium skulle det oppgraderast slik at det skulle vere tenleg for varierte og studentaktiviserande arbeidsmåtar for inntil 75 studentar, og også fungere som pilotprosjekt for resten av Høgskulen. Det å utnytte ny teknologi for å veksle mellom plenumspresentasjonar og arbeid i grupper, i tillegg til å vere ein arena for å utvikle og teste nye undervisningsformer, var den viktigaste ideen med prosjektet.

Veksel-Strøm stod ferdig til semesterstart hausten 2020, og rommet har vore i bruk sidan. Totalt kosta oppgraderinga 8,2 mill. kroner, der 5,7 mill. kroner gjekk til planlegging og gjennomføring av sjølve ombygginga.

Høgskulen stadfestar at midlane er nytta i samsvar med føresetnadene i tildelingsbrevet.

### Midlar tildelte gjennom Revidert nasjonalbudsjett 2020

I Revidert nasjonalbudsjett 2020 fekk Høgskulen tildelt 100 nye studieplassar og 6 mellombelse rekrutteringsstillingar. Tabellen nedanfor syner korleis desse er fordelt.

| Tildelte fagområde | Tildelte studieprogram for studieår 2020/2021 | Studieplassar | Stipendiatar |
|---|---|---|---|
| Barnehagelærarutdanning | 30 pl. BA barnehagelærarutdanning, deltid, Ålesund | 30 | |
| Grunnskulelærarutdanning | 15 pl. erfaringsbasert MA retta mot utdanna lærarar | 15 | |
| PPU | 20 pl. vidareutdanning lærarar naturfag deltid (30 stp.) | 10 | |
| Lærarutdanningane samla | | | 3 |
| Helse- og sosialfag | 10 pl. BA Barnevern, 10 pl. MA Helse og sosialfag | 20 | 1 |
| Juridiske og øk. adm. Fag | 20 plassar BA Planlegging og administrasjon | 20 | 1 |
| Animasjon | 5 plassar BA Animasjon | 5 | 1 |
| | | **100** | **6** |

Studietilbodet innanfor barnevern, helse- og sosialfag, planlegging og administrasjon og animasjon har fått auka kapasitet, og talet på studentar er auka som planlagt.

Studieplassane til barnehagelærarutdanning er nytta til opptak av eit desentralisert deltidskull i Ålesund. Kullet er på 40 deltidsstudentar (75 %) som svarar til 30 heiltidsplassar. Studentane er komne godt i gang. Mykje av undervisninga vil gå i Ålesund, men det blir også nokre samlingar på Høgskulen i Volda.

I samband med dei tildelte studieplassane til grunnskulelærarutdanning og PPU utvida vi opptakstala, men fekk ikkje nok søknader til å fylle desse plassane. Ut frå signala som er gitt i tildelingsbrevet, har vi nytta desse studieplassane til andre prioriterte område innanfor lærarutdanningane.

Studieplassane til grunnskulelærarutdanninga har vi nytta til erfaringsbasert master i undervisning og læring. Dette er eit tilbod retta mot utdanna lærarar som ønskjer å ta ei masterutdanning. Det er 12 studentar som har følgt dette studiet sidan august 2020 (deltid 75 %). I tillegg starta fire studentar på heiltid no frå januar 2021.

Vi har vidare valt å nytte dei tildelte studieplassane til PPU som vi ikkje fekk fylt opp, til vidareutdanning for lærarar i naturfag for 1.–7. årstrinn og for 5.–10. årstrinn. På desse to tilboda er det til saman 20 lærarar som tek 30 studiepoeng vidareutdanning i studieåret 2020/21.

Vi har fått tildelt same talet på studieplassar for opptak hausten 2021. Vi vil auke talet på studieplassar i tråd med tildelinga og prøve å fylle studieplassane slik dei er tildelte.

Dei seks mellombelse rekrutteringsstillingane er tildelte dei prioriterte områda som vist i tabellen over. Her er alle tilsetjingane nyleg gjennomførte, men ingen har førebels starta i stillingane.

## Midlar tildelte over andre kapittel

### Utvikling/drift partnarskap GLU, midlar frå kap. 275 post 21

Pandemien har gjort eit tett samarbeid med partnarskulane utfordrande siste året, og vi skulle gjerne sett at vi hadde hatt høgare aktivitet og kome endå lenger i partnarskapssamarbeidet. Oversikta vi har over aktiviteten i partnarskapssamarbeidet, viser at det er stort spenn i aktivitetar, og at det er mange involverte i samarbeidet. Døme på viktige delar av dette samarbeidet er mellom anna:

- Dei **felles møteplassane** som vart skipa hausten 2018, bidreg til å skaper føreseielege rammer for arbeidet, senkar terskelen for å ta kontakt og opnar for tettare samarbeid.
- Fleire seksjonar har hatt **fagretta samarbeid** med LU-skulane der praksislærarar og faglærarar mellom anna har samarbeidd om undervisningsopplegg for studentar og elevar.
- Begge LU-skulane har oppretta praksisforum der praksislærarane møtest. LU-koordinator frå HVO deltek på desse møta og kan på denne måten få betre innsikt i kva som rører seg i praksisskulane og bruke denne kunnskapen inn mot arbeidet på Høgskulen.
- Ei **delt stilling** mellom Øyra skule og HVO har blitt vidareført. Ein praksislærar har ei stilling ved HVO knytt til rettleiingsverktøyet MOSO som GLU-studentane bruker i praksis.

Arbeidet som er gjort, er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid. På GLU-seminaret i januar 2021 vart den eine dagen sett av til arbeid med LU-samarbeid. Her fekk faglærarar frå ulike fagmiljø og praksislærar og skuleleiar frå LU-skulane formidle sine erfaringar frå LU-samarbeidet og kome med ønske for vidare samarbeid. Ein viktig del av arbeidet vidare er å gjere tilsette ved Høgskulen meir merksame på dette samarbeidet og hjelpe dei til å sjå kva moglegheiter som ligg i dette.

Det blir arbeidd med å få ein tredje skule inn i samarbeidet. I tillegg ønsker vi fleire delte stillingar velkomne, der praksislærarar frå LU-skulane blir tilsette på HVO i mindre stillingar, knytte opp mot ulike fagmiljø. LU-skulane er også viktige samarbeidspartar i arbeidet med masteroppgåve på MAGLU.

I tildelinga ligg det midlar til å få i gang ei tilsvarande utvikling for lærarutdanningsbarnehagar. Vi er no komne så langt at vi har hatt utlysingsrunde og nærmar oss ein konklusjon på kva barnehagar vi vil velje ut. Vi arbeider også med å få på plass ei 50 % stilling som skal ha hovud-ansvaret for utvikling av dette feltet.

### DigiGLU, midlar frå kap. 226, post 22 og kap. 281, post 01 (tildelt i åra 2017–2019)

DigiGLU har hatt fire hovudsiktemål i 2020:

1. Vidareutvikle innhaldet i PfDK (Profesjonsfagleg digital kompetanse)-progresjonstrappa i MAGLU i samråd med fagmiljøa og studentane, og integrere og vidareutvikle vektlegginga av PfDK i faga
2. Styrke opplæringstilbod og støtte til digital undervising og PfDK gjennom Læringsverkstaden, særleg knytt til koronatiltak
3. Vidareutvikle samarbeidet med praksisfeltet i prosjektet gjennom styrking av digital satsing i Dekomp og Rekomp
4. Ein digital utviklingsplan for grunnskulelærarutdanningane for 2021–2025, med både generelle og fagspesifikke utviklingsmål

På grunn av korona-pandemien er nokre av tiltaka strekte over lengre tid, og i samråd med DIKU og Udir vil prosjektet bli avslutta våren 2021.

# Del IV: Styring og kontroll i verksemda

## Del 1: Rapportering om styring og kontroll

### Risikovurderingar

Det vert arbeidd systematisk med ROS-analyse knytt til samfunnssikkerheit og beredskap, og overordna ROS vart gjennomført i 2019. Etter planen skal øvingar gjennomførast årleg. I 2020 vart det vedteke å gjennomføre evaluering av pandemihandtering i staden for øving.

I samband med utarbeiding av planar for komande år vert det gjort ei overordna risikovurdering av forhold som kan verke inn på evna til å nå mål og resultat på sikt. Dei største risikoane det vert arbeidd med i dag, er som følger:

- Framleis svake resultat på forsking kan få konsekvensar for utdanningane våre når det gjeld akkreditering, økonomi og omdømme.
- Det kan bli utfordringar med å rekruttere fagfolk på enkelte område.
- Vi må investere mykje i lokale og utstyr for å kunne gi meir studentaktiv læring.
- Pandemien kan få store konsekvensar for dei fleste områda av verksemda.

### Overordna vurdering av tilstand for styring og kontroll

Samla sett vurderer Høgskulen i Volda at vi har eit system for styring og kontroll som i stor grad er tilpassa risiko, kor viktige sakene er, og Høgskulen sin eigenart.

HVO nyttar mål- og resultatstyring tilpassa verksemda som grunnleggande styringsprinsipp. Følgjande moment er vurderte i samband med dette:

- om fastsette mål og resultatkrav vert nådde
- om ressursbruken er effektiv
- om lover og reglar vert haldne
- om resultat- og rekneskapsinformasjon er relevant og påliteleg
- om vesentleg styringssvikt, feil og manglar vert avdekte og handterte
- om internkontrollen er dokumentert

Høgskulen i Volda har etablerte system, rutinar og tiltak for internkontroll med vekt på faktorar som går fram av «Bestemmelser om økonomistyring i staten» punkt 2.4. Det vert gjennomført intern kontroll og oppfølging av eventuelle avvik. I juni 2020 vart delegeringsreglementet og oversyn over styringsordningane ved Høgskulen i Volda godkjende av styret. Dokumentet skal reviderast i 2021 og revidert versjon fremjast for styret våren 2021. Instruks for leiinga er ein del av delegeringsreglementet.

Høgskulen har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen dei siste åra.

Mål og resultatkrav vert langt på veg nådde. Ressursbruken er effektiv, og det vert arbeidd aktivt med vidare effektivisering og digitalisering. Lover og reglar vert etterlevde så langt vi kjenner til. Det er ikkje avdekt vesentlege feil i samband med rapportering av resultat eller rekneskapsinformasjon. Det er ikkje avdekt vesentleg styringssvikt, feil eller manglar. Ved mindre avvik er dette følgt opp, og det vert gjort tiltak for å hindre at det skjer igjen.

Det vert arbeidd systematisk med prosessmodellering, GDPR, personvern i forsking og overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) knytt til beredskap i heile organisasjonen. Handbøker vert reviderte og oppdaterte i samsvar med endringane. Årleg gjennomgang av HMS systemet vert gjennomført og dokumentert.

I styremøte i oktober vart det gjort vedtak om at HVO ikkje etablerer ein internrevisjon per i dag. Ved vesentlege endringar i risikobiletet eller i verksemda, eller seinast innan år 2024, skal det gjerast ei ny vurdering.

## Del 2: Rapportering på andre føresetnader og krav

### Regjeringas inkluderingsdugnad

I 2020 tilsette HVO 84 personar etter å ha lyst ut i alt 67 stillingar. Administrative vedtak kjem i tillegg. Blant dei som søkte på stillingane, hadde 1,7 % (13 stk.) hol i CV-en. 0,4 % oppgav funksjonsnedsetting (3 stk.), og 4,7 % (36 stk.) av søkjarane hadde innvandrarbakgrunn. Dersom ein ser på kategorien søkjarar under eitt, har HVO tilsett éin med innvandrarbakgrunn i 2020.

Når søknadsfristen er ute, vert leiarar gjorde merksame på desse søkjarane. Dersom det er kvalifiserte søkjarar til ei statleg stilling som kryssar av i søknaden for at dei har funksjonsnedsetjing, innvandrarbakgrunn eller hol i CV, skal minst éin søkjar i kvar gruppe kallast inn til intervju. Det er den best kvalifiserte søkjaren frå kvar av desse gruppene som skal kallast inn til intervju.

I 2020 har personalavdelinga gitt tilbod om og gjennomført opplæring knytt til tilsetjingsprosessen i tre av fem einingar. I denne opplæringa vert det tematisert at søkjarar frå dei nemnde kategoriane har spesielle rettar. Hausten 2020 har ein også revidert utlysingsteksten for å rette seg meir mot denne gruppa søkjarar.

Arbeidet med å forbetre utlysingstekstar held fram. Inkludering er tematisert i HMS-handlingsplan, og HVO skal melde seg på trainee-programmet i staten. Ambisjonen er å inkludere fleire og legge vekt på mangfald.

Vi skal ta imot tre tilsette på utprøving i regi av NAV i 2021. Det er same talet som vi hadde i 2020.

## Informasjonstryggleik

Dei styrande prinsippa for arbeidet med informasjonstryggleik er i tråd med tilrådingane frå KMD (Handlingsplan for informasjonstryggleik i statsforvaltninga 2015–2017). Styringssystem for informasjonstryggleik vart vedteke av høgskulestyret i desember 2015. Vi har etablert «Sikkerheitsgruppe IT/drift» der leiinga ved Høgskulen er representert. Sikkerheitsgruppa har hatt fire møte i 2020. HVO har lagt stor vekt på å sikre seg mot ekstraordinære hendingar. Vi har fått etablert to datarom med god redundans på lagring av data og datakraft, og dessutan straumaggregat som sikrar straumtilførsel til begge dataromma og annan viktig infrastruktur. HVO har oppretta Incident response team (IRT). Det er knytt opp mot Uninett CERT.

Høgskulen har lagt stor vekt på å styrke den interne kunnskapen, kompetansen og kulturen når det gjeld informasjonstryggleik og personvern. Vi har lagt stor vekt på stadig å informere tilsette via e-post om ulike farar og truslar. Dette har ført til auka medvit om informasjonstryggleik for tilsette. HVO har ikkje hatt alvorlege avvik/hendingar dei to siste åra. Unit gjennomførte kartlegging av informasjonstryggleik og personvern i januar 2021. Status for arbeid med personvern og informasjonstryggleik vert årleg rapportert til Høgskulestyret.

## Oppfølging av digitaliseringsstrategien for UH-sektoren

Høgskulen har oppretta ein eigen digitaliseringsstrategi og handlingsplan for digitalisering. Desse er baserte på digitaliseringsstrategien på sektornivå. Handlingsplanen beskriv aktivitetar som HVO legg vekt på for å kunne vere med på digitaliseringa av sektoren. I 2020 har HVO arbeidd med å legge til rette for innføring av Arbeidslivsportalen (for studentpraksis) og TOA (for tilsetjingar og arbeidskontraktar). Det er også innført ei rekke nye system for å digitalisere tenester. Vi har elles arbeidd ein del med å kartlegge og standardisere prosessar i organisasjonen.

I samband med prosjektet DigiGLU vart det hausten 2019 etablert ein læringsverkstad ved Høgskulen. Læringsverkstaden er ei fysisk og digital støtteteneste for bruk av digitale ressursar for studentar og tilsette. Dette er ein plass der enkeltpersonar eller grupper kan prøve ut digitale ressursar og verktøy og få råd og rettleiing om korleis dei kan brukast. Det vert også gitt tilbod om kurs.

HVO støttar opp om dei nye digitaliserte tenestene som vert innførte i sektoren, og vi tek i bruk dei tenestene som er relevante for oss.

Digitaliseringsinitiativ oppstår mange stader i organisasjonen, og vi har difor oppretta ei eiga stilling for ein digitaliseringsrådgivar, som skal halde i dette på tvers av organisasjonen og vere med på å vidareutvikle strategien og støtte aktivitetar.

## Mellombelse stillingar

Det har vorte litt færre mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar i 2020. At HVO har mellombels tilsette, heng saman med at vi har mange prosjekt med tidsavgrensa finansiering og tilsette som har FoU-stipend og vidareutdanning. Dette fører til at vi treng fleire vikarar. HVO har og gitt fleire fagleg tilsette permisjon for å jobbe i og få erfaring frå praksisfeltet. Gjennom opplæring og bevisstgjering ved utlysingar prøver vi å redusere talet på mellombelse stillingar og heller lyse ut faste stillingar dersom det er rom for det.

## Likestilling, mangfald, diskriminering og tilgjenge

Likestilling og mangfald er faste saker i arbeidsmiljøutvalet etter at utvalet sitt mandat vart overført til AMU. Det var planlagt ein eigen ROS-verkstad i 2020 der kartlegging av likestilling og mangfald skulle vere tema. Seinare vart det vedteke at ein i staden skulle sjå på arbeidet med likestilling/diskriminering i samband med HVO sin strategiplan. Dette skjer først våren 2021. Det vart nedsett ei gruppe som har rapportert i tråd med nye krav frå 1.1.20, sjå eige vedlegg.

HVO har fått på plass ei «sei ifrå»-side for tilsette, der det er mogleg å seie ifrå eller varsle om problem ein opplever når det gjeld HMS-avvik, arbeidsmiljø, seksuell trakassering, diskriminering, forskingsetikk og spørsmål som gjeld drift. Vi har arbeidd for å gjere sida kjend i organisasjonen.

## Norsk språk

Språkpolitikken er ein sentral del av det kulturpolitiske ansvaret for Høgskulen i Volda. Som ein statleg institusjon for forsking og høgare utdanning skal Høgskulen ta vare på og utvikle norsk fagspråk. Vi tek på oss eit særleg ansvar for nynorsk i fag- og profesjonsutdanning.

I tråd med lov om målbruk i offentleg teneste rapporterer vi årleg til Språkrådet. Nytt for 2020 er at målbruk på offentlege nettstader vert kartlagt av Språkrådet sjølv. I skrivande stund har vi ikkje fått konklusjon på om vi har oppfylt kravet til jamstilling mellom nynorsk og bokmål. I sosiale medium vart vi bedne

om å rapportere tal for målbruk på Facebook og Twitter. I desse kanalane har vi ikkje møtt kravet om 25 % sidemål. På Facebook var 17 prosent av innlegga som vart publiserte i 2020, på bokmål, medan 24 prosent av postane på Twitter var på bokmål og 76 prosent på nynorsk.

## Campusutviklingsplanar og større byggeprosjekt

Den nye campusutviklingsplanen som er utarbeidd i samarbeid med Statsbygg, vart vedteken i styret i september 2020, og det er stor byggeaktivitet på og ved høgskuleområdet.

Sivert Aarflot-huset er under bygging og skal takast i bruk frå haustsemesteret 2021. Finansiering av inventar og utstyr på til saman 29 mill. kroner er på plass, der store delar vil bli henta frå avsetningane.

Det neste større prosjektet knytt til lokale er Hans Strøm-prosjektet. Hans Strøm-huset vart bygd i 1984, og mediefaga nyttar i dag om lag 800 m2 av dette bygget. Dette er lokale som vil bli disponible når mediefaga har flytta ut. I tillegg har vi i dag undervisningsrom i Ivar Aasen-huset, som ikkje vil bli erstatta i det nye mediehuset, og som vi difor må finne plass til i Hans Strøm-huset.

Dette prosjektet skal leggje til rette for studentaktive undervisnings- og læringsformer og eventuelt andre funksjonar dersom det vert plass. Hans Strøm-prosjektet blir gjennomført i samarbeid med Statsbygg og vart starta opp hausten 2020. Førebels mål i prosjektet er å ha ei innstilling for arealutvikling, funksjon og for teknisk oppgradering klar våren 2021, med byggestart hausten 2021.

## Tilrettelegging for studentars deltaking i folkevalde organ

I forskrift om opptak, studium og eksamen står det at ein student som har tillitsverv i styringsordningar ved Høgskulen i Volda og Studentsamskipnaden i Volda, verv i nasjonale eller internasjonale studentorganisasjonar, eller har plikter i offentleg valde organ, kan søkje dekanen om fritak frå heile eller delar av kravet om obligatorisk frammøte. Dette er ei tilrettelegging som har vore brukt av fleire studentar på lærarutdanningane.



# Del V: Vurdering av framtidsutsikter

## Visjonen til Høgskulen i Volda er «Kunnskap for framtida».

Høgskulen skal bidra til kritisk og reflekterande læreprosessar som fremmar klokskap bygd på:

- Livslang læring
- Relevant forsking, omgrep og teoriar
- Kommunikative ferdigheiter med bruk av aktuelle medium
- Samskaping, kreativitet og likeverd

## Ny strategiplan for HVO 2022–2025

I 2021 er Høgskulen i gang med å utarbeide ny strategiplan for perioden 2022–2025, etter at prosessen vart utsett i 2020 på grunn av pandemien. I prosessen vil vi også arbeide med å revidere Høgskulen sin visjon og verdiar. Gjeldande strategiplan er forlengd ut 2021.

Leiinga ved Høgskulen har i samband med strategiprosessen skissert nokre moglegheiter og utfordringar for vidare utvikling av Høgskulen. Desse vil verte drøfta med tilsette og styret i strategiprosessen i 2020, i lag med andre tema:

### Ei tydeleg regional rolle

Høgskulen skal vere ein aktiv aktør i regionale samarbeid. Regjeringa har søkjelys på arbeidslivsrelevans og har lansert kompetansereforma «Lære heile livet». Høgskulen har i dag eit tett samarbeid med arbeidslivet, med hovudvekt på offentleg sektor. Vi skal styrke den regionale rolla vår ved å utvide samarbeidet med offentleg sektor og næringslivet, mellom anna gjennom praksis og utveksling av kompetanse.

Marknaden for etter- og vidareutdanning er i vekst, og regjeringa etterspør fleire korte tilbod. Høgskulen må ta stilling til kva rolle vi skal ta, både regionalt og eventuelt nasjonalt. Kompetent arbeidskraft og attraktive kompetansearbeidsplassar er ein føresetnad for ei positiv samfunns-utvikling i regionen, og i den samanhengen er Høgskulen i Volda svært viktig.

### Tverrfagleg samarbeid for kunnskap og ferdigheiter for framtida

Regjeringa løftar fram omstilling, innovasjon og grønt skifte for å sikre framtidig verdiskaping og eit berekraftig velferdssamfunn. Samarbeid på tvers av fag og sektorar er eit av verkemidla for utvikling og omstilling; satsinga på framtidsferdigheiter, som også er eit av måla i utviklingsavtalen, vil vere eit anna. HVO er ein kompakt høgskule med kort veg mellom studentar, tilsette og leiinga. Dermed har Høgskulen gode føresetnader for tverrfagleg samarbeid, både i undervisning, forsking og utviklingsverksemd. Høgskulen i Volda skal tydelegare formidle og utvikle den tverrfaglege profilen.

### Ein profesjonsfagleg utdannings- og forskingsprofil

Vi skal markere HVO endå tydelegare som ein profesjonsfagleg høgskule med tverrfagleg profil.

Høgskulen har starta arbeidet med å vurdere om vi skal etablere ein ny ph.d. knytt til lærar-utdanningane våre. Dette kan bidra til å bygge sterkare fagmiljø rundt utdanningane ved Høgskulen, og støttar òg opp om målet i utviklingsavtalen om å utvikle ei kvalitativt god og særmerkt femårig grunnskulelærarutdanning, med digital og internasjonal profil. Vi må vidareutvikle eit nært samarbeid med andre institusjonar i UH-sektoren og vurdere korleis samarbeidet kan formaliserast for å nå måla Høgskulen har. For å sikre tilstrekkeleg og rett kompetanse skal HVO arbeide endå betre med kompetanseheving blant tilsette, og ein mogleg ny ph.d. kan vere eit viktig verkemiddel i så måte.

### Eit høgskuleområde som bidreg til lærelyst og trivsel

Høgskuleområdet i Volda skal skape begeistring og eit godt læringsmiljø. Det er store planar framover. Det nye mediebygget, Sivert Aarflot-huset, opnar for studentar og tilsette til haust-semesteret 2021. Dei nye lokala og oppdatert utstyr er ein føresetnad for å vidareutvikle medieutdanningane i tråd med målet i utviklingsavtalen om å styrke posisjonen som ein framifrå studiestad for yrkesretta medieutdanning i Noreg. Det er eit mål å få SFU-status i løpet av dei neste åra.

Kunnskapsparken, som er under planlegging, skal bli ein samarbeidsarena der både studentar og tilsette ved Høgskulen møter arbeidsliv og samfunnsliv i regionen. Det nye undervisningsrommet Veksel-Strøm er godt tilrettelagt for studentaktive læringsformer, men vi må sørge for at endå fleire tilsette får opplæring i moglegheitene rommet gir. Hans Strøm-huset skal byggast om når avdeling for mediefag flyttar ut. I september 2020 vedtok styret campusutviklingsplan 2.0. Planen inneheld mange spennande forslag, som kan bidra til at høgskuleområdet blir ein stad for lærelyst, utvikling og trivsel. Gode lokale og trivelege uteområde kan ikkje åleine gi betre studiekvalitet og eit godt læringsmiljø. Dei må fyllast med god undervisning og forsking.

Å vere ein liten, sjølvstendig høgskule gir både moglegheiter og utfordringar. Å handtere utfordringane er ein føresetnad for å kunne utnytte moglegheitene:

### Vi må vidareutvikle oss, sjølv om finansieringa er usikker

Høgskulen i Volda har fått 15 nye studieplassar dei seks siste åra, dersom ein ser bort frå dei 100 mellombelse studieplassane vi vart tildelte i samband med ekstraordinær koronatildeling. Samstundes har talet på heiltidsekvivalentar auka betydeleg meir. Noko av veksten er finansiert gjennom oppdrag og bidragsprosjekt, men mykje har vi finansiert sjølv. I tillegg til at vi har eit større tilbod med dei same ressursane, har vi ABE-kutt og auka krav til rapportering, både fagleg og administrativt. Vi må vidareutvikle HVO, men får vi ikkje nye permanente studieplassar, føreset utviklinga at vi i større grad må vurdere tilbodet, dersom vi skal opprette nye tilbod. Vi må omprioritere ressursar viss HVO skal kunne finansiere fleire mastertilbod og ein ny ph.d., for å sikre gjennomgåande løp og utvikling av kompetanse i regionen.

### Vi må forske, publisere og formidle meir og betre

HVO skårar lågare på forskingsindikatorane samanlikna med andre institusjonar, og Kunnskapsdepartementet har ei klar forventning om at vi skal forbetre oss. Vi vil halde fast på og styrke strategien vi har starta på med forskingsgrupper. Gjennom forskingsgruppene ved HVO er det etablert samarbeid med deltakarar frå fleire aktørar nasjonalt og internasjonalt, og dette samarbeidet vil vi vidareutvikle. Talet på stipendiatar ved HVO har auka siste åra, og vi ser at det også bidreg positivt til fleire samarbeid både nasjonalt og internasjonalt. Dei siste åra har vi lagt stor vekt på å få fleire vitskaplege publiseringar, og det har resultert i ein markant auke i publiseringspoenga i 2020. I fjor fekk vi også tilslag på to NFR-prosjekt – eitt forskarprosjekt og eitt balanseprosjekt. Vi må satse vidare på strategiske søknader om ekstern finansiering av forsking gjennom til dømes Regionale Forskingsfond, MobPro, Forskingsrådet og Horisont Europa. Vi må også passe på at forskinga er relevant for profesjonane og regionale aktørar, og må difor søke samarbeid.

På nokre område har vi utfordringar med å rekruttere fagfolk med første- og toppkompetanse, og å betre dette er eitt av måla i utviklingsavtalen. Vi må halde fram med satsinga på kompetansebygging internt, sjølv om det er ein prosess som tek lang tid. Vidare må vi vurdere bruken av FoU-ressursen ved HVO. Å satse på ein eigen ph.d. er eit sentralt tiltak, men vil også vere krevjande. Likeins er arbeidet med likestilling i toppstillingar sentralt framover. Balanse-prosjektet vi fekk i 2020, vert eit viktig verktøy i dette arbeidet.

### Vi må oppretthalde talet på studentar på høgskuleområdet

Talet på studentar ved HVO aukar, men auken er for det meste på nettstudium og samlingsbaserte studium, og mange studerer på deltid. I sum rapporterer studentane at dei brukar mindre tid på studia enn snittet i sektoren elles, og Høgskulen har låg gjennomstrøyming på masterprogramma. Eit godt lærings- og studiemiljø er nødvendig for å oppretthalde god studiekvalitet, rekruttering og godt omdøme. Høgskulen skal bidra til å skape ei studiebygd med eit godt lærings- og studiemiljø, og det føreset heiltidsstudentar på høgskuleområdet som engasjerer kvarandre, skaper samhald og god kultur for å studere. Vi må skape eit høgskuleområde og ei studiebygd som er attraktiv for studentar.

## Campusutvikling

Det nye mediebygget har fått namnet Sivert Aarflot-huset og var det viktigaste tiltaket i den første campusutviklingsplanen til Høgskulen. Huset står ferdig sommaren 2021. Vi gler oss til å vidareutvikle medieutdanningane i moderne lokale i Sivert Aarflot-huset, slik at vi framleis skal ha den leiande praktiske medieutdanninga i landet. Dette er utdanningar som gir Høgskulen ein tydeleg nasjonal profil.

I 2020 vedtok høgskulestyret den andre campusutviklingsplanen for Høgskulen. Planen skal sikre ei langsiktig utvikling av høgskuleområdet, og legg mellom anna vekt på å utvikle studentaktive læringsareal, fleire og betre møteplassar både inne og ute, og betre tilrettelegging for gåande og syklande. Ombygging av delar av Hans Strøm-huset til framtidsretta undervisningsareal er det største prosjektet som er planlagt i 2021. Det er etablert eit samarbeidsprosjekt med Statsbygg, der ein både

skal lage ein moglegheitsstudie for arealutvikling og sjå på vedlikehaldsoppgåver som det er naturleg å ta samstundes med ombygginga. Andre sentrale tiltak i campusutviklingsplanen som vi skal arbeide med i 2021: byggje innandørs sykkelskur; byggje om til fleire arbeidsplassar då Høgskulen er trongbudd; investere i nye møblar i kantina slik at lokala blir betre eigna til gruppearbeid og trivsel. Arbeidet med ny kunnskapspark i lag med Volda kommune held fram i regi av eit kommunalt utviklingsselskap: Volda Utvikling AS. Vonleg vil byggjearbeidet starte i løpet av 2022.

## Pandemien

Det har vore relativt lite smitte i regionen under pandemien, og Høgskulen i Volda har såleis ikkje vore stengd så lenge som andre institusjonar i UH-sektoren. Vi håper dette vil vare ved også i 2021, slik at vi kan halde fram med å gi ein god del fysisk undervisning også våren 2021, og at vi er tilbake til ein tilnærma normal situasjon til hausten. Høgskulen er godt budd på situasjonen gjennom dei erfaringane vi gjorde i 2020, og investeringane i digitalt utstyr. Dei eksterne oppdraga til Høgskulen har i liten grad vore påverka av pandemien, sidan oppdragsgivarar i stor grad er offentlege verksemder som ikkje har redusert etterspurnaden under pandemien. Pandemien vil difor ikkje påverke oss negativt økonomisk, snarare tvert om, ved at vi har spart pengar på reising, og dei 100 mellombelse studieplassane vi vart tildelte gjennom RNB2020, har gitt oss eit vesentleg løft. Utfordringa dei neste åra vert å tilpasse organisasjonen til dei nye studieplassane, samstundes som vi ikkje veit om vi har løyvinga lenger enn for fire år.

## Planar 2021

I 2021 prioriterer vi arbeidet med ny strategiplan, utvikling av høgskuleområdet og utgreiing av ein ny ph.d. knytt til lærarutdanningane våre. Arbeidet med å innfri måla i utviklingsavtalen vert også sentralt, sidan vi no er meir enn halvvegs i avtaleperioden.

| Utbytte fra eierandeler i selskaper mv. (spes. i avsnittet nedenf | 0 | 0 |
| Annen finansinntekt | 0 | 0 |
| **Sum finansinntekter** | **18** | **7** |
| **Finanskostnader** | | |
| Rentekostnad | 4 | 2 |
| Nedskrivning av aksjer | 0 | 0 |
| Agio tap | 89 | 22 |
| Annen finanskostnad | 0 | 0 |
| **Sum finanskostnader** | **93** | **23** |
| *Spesifikasjon av utbytte fra eierandeler i selskaper mv..* | | |
| Mottatt utbytte fra selskap X | 0 | 0 |
| **Sum mottatt utbytte** | **0** | **0** |

## Note 8 Innskutt og opptjent virksomhetskapital (nettobudsjetterte virksomheter)

*Beløp i 1000 kroner*

Nettobudsjetterte virksomheter kan ikke etablere virksomhetskapital innenfor den bevilgningsfinansierte og bidragsfinansierte aktiviteten, se note 15. Opptjent virksomhetskapital tilsvarer dermed resultatet fra oppdragsfinansiert aktivitet.

Universitet og høyskoler kan anvende opptjent virksomhetskapital til å finansiere investeringer i randsonevirksomhet. Når virksomhetskapital er anvendt til dette formålet, er den å anse som bundet opptjent virksomhetskapital, dvs. den kan ikke anvendes til å dekke eventuelle underskudd innenfor den løpende driften.

Innskutt virksomhetskapital er kapitalene knyttet til aksjer som ble finansiert av bevilgning på 90-post og som derfor tidligere var klassifisert som aksjer i gruppe 1. Disse aksjene føres nå i gruppe 2 og er overført til den enkelte institusjons virksomhetsregnskap. Innskutt virksomhetskapital skal anses som bundet.

| **Innskutt virksomhetskapital:** | **Beløp** |
|---|---|
| Innskutt virksomhetskapital 01.01.2020 | 0 |
| Oppskrivning av eierandeler i perioden (+) | 0 |
| Nedskrivning av eierandeler i perioden (-) | 0 |
| Salg av eierandeler i perioden (-) | 0 |
| Kjøp av eierandeler i perioden (+) | 0 |
| **Innskutt virksomhetskapital 31.12.2020** | **0** |
| | |
| *Bunden opptjent virksomhetskapital:* | |
| Bunden opptjent virksomhetskapital pr. 01.01.2020 | 100 |
| Kjøp av aksjer i perioden | 0 |
| Bokført verdi solgte aksjer i perioden (-) | 0 |
| Oppskrivning av aksjer i perioden | 0 |
| Nedskrivning av aksjer i perioden (-) | 0 |
| **Bunden opptjent virksomhetskapital 31.12.2020** | **100** |
| | |
| **Innskutt og bunden opptjent virksomhetskapital 31.12.2020** | **100** |
| | |
| *Annen opptjent virksomhetskapital:* | |
| Annen opptjent virksomhetskapital 01.01.2020 | 1 197 |
| Underskudd bevilgningsfinansiert aktivitet belastet annen opptjent virksomhetskapital (-) | 0 |
| Overført fra periodens resultat | 605 |
| Overført til/fra bunden virksomhetskapital (+/-) | 0 |
| **Annen opptjent virksomhetskapital 31.12.2020** | **1 801** |
| | |
| **Sum virksomhetskapital 31.12.2020** | **1 901** |

Nettobudsjetterte virksomheter kan eventuelt supplere med ytterligere spesifikasjon og gruppering av opptjent virksomhetskapital på egne linjer under oppstillingen. (Gjelder f. eks. virksomheter som fordeler opptjent virksomhetskapital til underliggende driftsenheter)

## Note 11 Investeringer i aksjer og selskapsandeler

| (tall i 1.000 kroner) | Organisasjon s-nummer | Ervervsdato | Antall aksjer/and eler | Eierandel | Stemme-andel | Årets resultat* | Balanseført egenkapital** | Balanseført verdi i virksom-hetens regnskap | Kostpris rapportert til kapital-regnskapet |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| *Aksjer* | | | | | | | | | |
| Møreforsking AS | 991436502 | 08.06.2007 | 180 | 1,6 % | 1,6 % | -475 | 9 879 | 100 | 100 |
| Øvrige selskap*** | | | 0 | 0,0 % | 0,0 % | 0 | 0 | 0 | 0 |
| *Sum aksjer* | | | *180* | | | *-475* | *9 879* | *100* | *100* |
| | | | | | | | | | |
| **Balanseført verdi 31.12.2020** | | | | | | **-475** | **9 879** | **100** | **100** |

* Gjelder bokført resultat i vedkommende selskaps siste avlagte årsregnskap

** Gjelder bokført egenkapital i vedkommende selskaps siste avlagte årsregnskap

*** Vesentlige poster spesifiseres i eget avsnitt under oppstillingen

## Note 13 Kundefordringer

| (tall i 1.000 kroner) | 31.12.2020 | 31.12.2019 |
|---|---|---|
| Kundefordringer til pålydende | 1 781 | 2 404 |
| Avsatt til latent tap (-) | 0 | 0 |
| **Sum kundefordringer** | **1 781** | **2 404** |

## Note 14 Andre kortsiktige fordringer

| (tall i 1.000 kroner) | 31.12.2020 | 31.12.2019 |
|---|---|---|
| Forskuddsbetalt lønn | 38 | 96 |
| Reiseforskudd | 35 | 153 |
| Personallån | 0 | 0 |
| Andre fordringer på ansatte | 0 | -8 |
| Forskuddsbetalt leie | 0 | 0 |
| Andre forskuddsbetalte kostnader | 1 991 | 11 093 |
| Andre fordringer | 1 436 | 1 294 |
| Fordring på datterselskap mv. | 0 | 0 |
| **Sum andre fordringer** | **3 499** | **12 629** |

**Note 15 Avregning bevilgningsfinansiert og bidragsfinansiert aktivitet mv. (nettobudsjetterte virksomheter)**

Den andel av ordinære bevilgninger og midler som er inntektsført, men ikke benyttet ved regnskapsavslutningen, er å anse som en forpliktelse. Det skal spesifiseres hvilke formål bevilgningen forutsettes å dekke i påfølgende termin. Vesentlige poster skal spesifiseres i egne avsnitt under oppstillingen.

Det er foretatt følgende interne avsetninger til de angitte prioriterte oppgaver/formål innenfor ordinær bevilgningsfinansiert aktivitet og aktivitet som skal behandles tilsvarende:

| **Del I: Inntektsførte bevilgninger** | **Avsetning pr. 31.12.2020** | **Overført fra virksomhets-kapital** | **Avsetning pr. 31.12.2019** | **Endring i perioden** |
|---|---|---|---|---|
| ***Kunnskapsdepartementet*** | | | | |
| *Konkrete påbegynte, ikke fullførte driftsoppgaver* | | | | |
| Øyremerka midlar | 1 290 | 0 | 5 102 | -3 812 |
| Stipendiat midlar | 8 188 | 0 | 5 915 | 2 274 |
| Konkrete prosjekt/driftsoppgåver | 3 169 | 0 | 7 717 | -4 548 |
| Andre oppgaver | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **SUM konkrete påbegynte, ikke fullførte driftsoppgaver** | **12 647** | **0** | **18 734** | **-6 086** |
| *Vedtatte, ikke igangsatte driftsoppgaver* | | | | |
| Ufordelte midlar forsking | 1 365 | 0 | 0 | 1 365 |
| Oppdateringsordninger | 1 153 | 0 | 0 | 1 153 |
| Andre oppgaver | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **SUM vedtatte, ikke igangsatte driftsoppgaver** | **2 518** | **0** | **0** | **2 518** |
| *Vedtatte, ikke igangsatte investeringsprosjekter* | | | | |
| Investeringsmidlar Strøm (avsette) | 25 000 | 0 | 25 000 | 0 |
| Andre oppgaver | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **SUM vedtatte, ikke igangsatte investeringsprosjekter** | **25 000** | **0** | **25 000** | **0** |
| *Påbegynte investeringsprosjekter* | | | | |
| Investeringsmidlar inv/utstyr nytt mediehus | 21 500 | 0 | 0 | 21 500 |
| Investeringsmidlar andre | 3 862 | 0 | 4 053 | -191 |
| Andre oppgaver | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **SUM påbegynte investeringsprosjekter** | **25 362** | **0** | **4 053** | **21 309** |
| *Andre formål* | | | | |
| Avsetning ordinær drift | 6 763 | 0 | 13 496 | -6 733 |
| Avsetning andre | 10 067 | 0 | 12 839 | -2 771 |
| Andre formål | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **SUM andre formål** | **16 830** | **0** | **26 335** | **-9 504** |
| **Sum Kunnskapsdepartementet** | **82 358** | **0** | **74 122** | **8 236** |
| | | | | |
| **Andre departementer og finansieringskilder** | | | | |
| Andre oppgaver | *0* | *0* | *0* | *0* |
| **Sum andre departementer og fiansieringskilder** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| | | | | |
| **Sum avregnet bevilgningsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)** | **82 358** | **0** | **74 122** | **8 236** |
| Tilført fra annen virksomhetskapital | | | | 0 |
| **Resultatført endring av avsatt andel av tilskudd til bidrags- og bevilgningsfinansiert aktivitet** | | | | **8 236** |

**Note 15 Avregning statlig og bidragsfinansiert aktivitet mv. (nettobudsjetterte virksomheter), forts**

**Del II: Ikke inntektsførte tilskudd, bidrag og gaver:**

| | Avsetning pr. 31.12.2020 | Avsetning pr. 31.12.2019 | Endring i perioden |
|---|---|---|---|
| **Statlige etater (unntatt NFR og RFF)** | | | |
| Tiltak/oppgave/formål | 15 748 | 11 436 | 4 312 |
| **Sum andre statlige etater (unntatt NFR og RFF)** | **15 748** | **11 436** | **4 312** |
| **Norges forskningsråd** | | | |
| Tiltak/oppgave/formål | 2 669 | -1 024 | 3 693 |
| **Sum Norges forskningsråd** | **2 669** | **-1 024** | **3 693** |
| **Regionale forskningsfond** | | | |
| Tiltak/oppgave/formål | 0 | 0 | 0 |
| **Sum regionale forskningsfond** | **0** | **0** | **0** |
| **Andre bidragsytere** | | | |
| Kommunale og fylkeskommunale etater | 1 084 | -222 | 1 306 |
| Organisasjoner og stiftelser | 120 | 141 | -21 |
| Næringsliv og private bidragsytere | 0 | 0 | 0 |
| Øvrige andre bidragsytere | 0 | 0 | 0 |
| EU tilskudd/tildeling fra rammeprogram for forskning | 0 | 0 | 0 |
| EU tilskudd/tildeling til undervisning og andre formål | 534 | 420 | 114 |
| **Sum andre bidrag** | **1 738** | **339** | **1 399** |
| Andre tilskudd og overføringer | 0 | 0 | 0 |
| **Sum andre bidrag, tilskudd og overføringer** | **1 738** | **339** | **1 399** |
| **Sum ikke inntektsførte tilskudd og bidrag** | **20 155** | **10 751** | **9 404** |
| **Gaver og gaveforsterkninger** | | | |
| *Tiltak/oppgave/formål/giver* | 0 | 0 | 0 |
| **Sum gaver og gaveforsterkninger** | **0** | **0** | **0** |
| **Sum ikke inntektsførte tilskudd og overføringer** | **20 155** | **10 751** | **9 404** |

| **Del III: Ikke inntektsførte bevilgninger (utsatt inntektsføring)** | Forpliktelse pr. 31.12.2020 | Forpliktelse pr. 31.12.2019 | Endring i perioden |
|---|---|---|---|
| **Kunnskapsdepartementet** | | | |
| Driftsoppgaver - unntatt investeringsformål | | | |
| Periodisering av ordinær driftsbevilgning - KD (bare i delårsregnskap) | 0 | 0 | 0 |
| Partnerskap i GLU | 3 773 | 1 563 | 2 210 |
| DigiGLU | 2 435 | 4 550 | -2 115 |
| Tilleggsløyving RNB2020 - rekrutteringsstillingar | 2 621 | 0 | 2 621 |
| **Sum tildelinger til driftsoppgaver** | **8 829** | **6 113** | **2 716** |
| Investeringsformål | | | |
| Vedtatte, ikke igangsatte investeringsprosjekter | 0 | 0 | 0 |
| Ombygging auditorium (Veksel-Strøm) | 0 | 2 853 | -2 853 |
| **Sum investeringsformål** | **0** | 2 853 | -2 853 |
| **Sum Kunnskapsdepartementet** | **8 829** | **8 966** | **-136** |
| **Andre departementer** | | | |
| Periodisering driftsbevilgning - andre departementer (delårsregnskap) | 0 | 0 | 0 |
| **Sum andre departementer** | ***0*** | *0* | *0* |
| **Sum ikke inntektsførte bevilgninger** | ***8 829*** | *8 966* | *-136* |

| **Avsetninger til andre formål og investeringer fra Kunnskapsdepartementet** | Bevilgning pr. 31.12.2020 | Avsetning pr. 31.12.2020 i kr | Avsetning pr. 31.12.2020 i pst. |
|---|---|---|---|
| Avsetninger til andre formål | 383 736 | 40 825 | 11 % |
| Avsetninger til investeringer | 383 736 | 50 362 | 13 % |
| **Sum avsetninger fra Kunnskapsdepartementet** | **383 736** | 91 187 | 24 % |

## Note 16 Opptjente, ikke fakturerte inntekter/Forskuddsbetalte, ikke opptjente inntekter

*Tall i 1.000 kroner*

### DEL I

| Opptjente, ikke fakturerte inntekter | 31.12.2020 | 31.12.2019 |
|---|---|---|
| Oppdragsfinansiert aktivitet - statlige etater[1)] | 0 | 0 |
| Oppdragsfinansiert aktivitet - kommunale og fylkeskommunale etater[1)] | 28 | 2 |
| Oppdragsfinansiert aktivitet - organisasjoner og stiftelser[1)] | 0 | 243 |
| Oppdragsfinansiert aktivitet - næringsliv/private[1)] | 0 | 0 |
| Oppdragsfinansiert aktivitet - andre[1)] | 0 | 0 |
| Andre prosjekter[2)] | 0 | 0 |
| **Sum opptjente, ikke fakturerte inntekter** | **28** | **244** |

### DEL II

| Mottatt forskuddsbetaling | 31.12.2020 | 31.12.2019 |
|---|---|---|
| Oppdragsfinansiert aktivitet - statlige etater[1)] | 394 | 1 205 |
| Oppdragsfinansiert aktivitet - kommunale og fylkeskommunale etater[1)] | 17 | 32 |
| Oppdragsfinansiert aktivitet - organisasjoner og stiftelser[1)] | 118 | 82 |
| Oppdragsfinansiert aktivitet - næringsliv/private[1)] | 402 | 70 |
| Oppdragsfinansiert aktivitet - andre[1)] | 0 | 0 |
| Andre prosjekter[2)] | 253 | 250 |
| **Sum mottatt forskuddsbetaling** | **1 184** | **1 639** |

*Prosjektene spesifiseres etter sin art.*

*1) Gjelder aktivitet som faller inn under bestemmelsene i F-07-13. Vesentlige poster spesifiseres i egne avsnitt under oppstillingen.*

*2) Gjelder aktivitet som ikke tilfredsstiller kravene i F-07-13. Vesentlige poster spesifiseres i egne avsnitt under oppstillingen.*

## Note 17 Bankinnskudd, kontanter og lignende[2)]

*Beløp i 1000 kroner*

| | 31.12.2020 | 31.12.2019 |
|---|---|---|
| Bankinnskudd på konsernkonto i Norges Bank[3)] | 180 608 | 161 047 |
| Bankinnskudd for gaver og gaveforsterkninger[3)] | 0 | 0 |
| Andre bankinnskudd[1)] | 0 | 0 |
| Kontanter og lignende[1)] | 0 | 0 |
| **Sum bankinnskudd og kontanter** | **180 608** | **161 047** |

*1) Vesentlige beholdninger skal spesifiseres i egne avsnitt under oppstillingen.*
*2) Bankinnskudd og andre beholdninger skal oppgis i tusen kroner med tre desimaler.*
*3) Skal samsvare med kontoutskrift for oppgjørskontoen fra Norges Bank.*

## Note 18 Annen kortsiktig gjeld

| (tall i 1.000 kroner) | 31.12.2020 | 31.12.2019 |
|---|---|---|
| Skyldig lønn | 11 593 | 12 074 |
| Skyldige reiseutgifter | 98 | 301 |
| Annen gjeld til ansatte | 0 | 0 |
| Påløpte kostnader | 664 | 322 |
| Midler som skal videreformidles til andre[1)] | 0 | 0 |
| Annen kortsiktig gjeld | 3 557 | 3 116 |
| Gjeld til datterselskap m.v[2)] | 0 | 0 |
| **Sum** | **15 913** | **15 812** |

*1) Gjelder også tilknyttet selskap (TS) og felleskontrollert virksomhet.*
*Alle vesentlige poster skal spesifiseresi egne avsnitt under oppstillingen.*

*2) Gjelder midler som skal videreformidles til andre samarbeidspartnere i neste termin.*
*Alle vesentlige poster skal spesifiseres i egne avsnitt under oppstillingen. Se også note 20 om spesifikasjon av midler som er videreformidlet.*

## Note 20 Videreformidling av midler til andre samarbeidspartnere

| (tall i 1.000 kroner) | 31.12.2020 | 31.12.2019 |
|---|---|---|
| DigiHand viderformidlet til UIS | 678 | 779 |
| Easip Comp Erasmus vidareformidlet til div samb.part | 1 076 | 1 034 |
| Viderformidlet til virksomhet C | 0 | 0 |
| Andre videreformidlinger | 0 | 0 |
| **Sum videreformidlinger** | **1 754** | **1 813** |

*Merknad: Noten skal tas i bruk av de institusjoner som foretar videreformidlinger*

## Note 30 EU-finansierte prosjekter

*Tall i 1.000 kroner*

| Prosjektets kortnavn (hos EU) | Prosjektnavn (tittel) | Tilskudd fra Horisont 2020 | Tilskudd fra EUs rammeprogram for forskning (FP6 og FP7) | Tilskudd fra EUs randsoneprogram til FP7 | Tilskudd fra andre tiltak/programmer finansiert av EU | SUM | Koordinator-rolle (ja/nei) |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Erasmus+ EASIP COMP | Increasing entrepreneurial competences of students through a practical approach | | | | 1 295 | 1 295 | Ja. |
| Erasmus + | Erasmus+ mobilitet (adm) | | | | 205 | 205 | Nei |
| **Sum** | **Sum** | **0** | **0** | **0** | **1 500** | **1 500** | |

**Forklaring**

Tabellen skal omfatte de tiltak/prosjekter ved institusjonen som finansieres av EU og som er utbetalt i regnskapsperioden. Prosjekter som er EU-finansiert, størrelsen på finansieringen (utbetalingen) og navnet og kortnavnet på prosjektene skal rapporteres. Det skal skilles mellom prosjekter som finansieres via Horisont 2020, EUs rammeprogram for forskning (FP7 og eventuelt FP6) og andre EU-finansierte prosjekter. Tilskudd fra EUs randsoneprogram til FP7 skal oppgis særskilt. Institusjoner som har koordinatorrolle i EU-finansierte prosjekter, skal opplyse om dette.

## Note 31 Resultat - Budsjettoppfølgingsrapport

| (tall i 1.000 kroner) | Budsjett pr 31.12.2020 | Regnskap pr 31.12.2020 | Avvik budsjett/ regnskap pr 31.12.2020 | Regnskap pr 31.12.2019 |
|---|---|---|---|---|
| **Driftsinntekter** | | | | |
| Inntekt fra bevilgninger | 375 918 | 374 693 | 1 225 | 360 134 |
| Inntekt fra gebyrer | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Inntekt fra tilskudd og overføringer | 24 201 | 24 599 | -398 | 20 783 |
| Salgs- og leieinntekter | 17 676 | 15 824 | 1 852 | 16 501 |
| Andre driftsinntekter | 132 | 155 | -23 | 271 |
| **Sum driftsinntekter** | **417 927** | **415 270** | **2 657** | **397 689** |
| | | | | |
| **Driftskostnader** | | | | |
| Varekostnader | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Lønn og sosiale kostnader | 299 886 | 286 911 | 12 975 | 282 272 |
| Avskrivninger på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler | 10 500 | 11 433 | -933 | 10 299 |
| Nedskrivninger av varige driftsmidler og immaterielle eiendeler | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre driftskostnader | 117 044 | 108 010 | 9 034 | 117 394 |
| **Sum driftskostnader** | **427 430** | **406 354** | **21 076** | **409 966** |
| | | | | |
| **Driftsresultat** | **-9 503** | **8 916** | **-18 419** | **-12 277** |
| | | | | |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | | |
| Finansinntekter | 0 | 18 | -18 | 7 |
| Finanskostnader | 0 | 93 | -93 | 23 |
| **Sum finansinntekter og finanskostnader** | **0** | **-75** | **75** | **-16** |
| | | | | |
| **Resultat av periodens aktiviteter** | **-9 503** | **8 841** | **-18 344** | **-12 293** |
| | | | | |
| **Avregninger** | | | | |
| Avregning bevilgningsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte) | 9 303 | -8 237 | 17 540 | 12 488 |
| Tilført annen opptjent virksomhetskapital | 200 | -605 | 805 | -195 |
| **Sum avregninger** | **9 503** | **-8 841** | **18 344** | **12 293** |

## Note 32 Datagrunnlaget for indikatorer i finansieringssystemet

Tall i 1.000 kroner

| **Indikator** | **31.12.2020** | **31.12.2019** |
|---|---|---|
| Tilskudd fra EU | **310** | **259** |
| | | |
| Tilskudd fra Norges forskningsråd - NFR | 2 450 | 2 890 |
| Tilskudd fra regionale forskningsfond - RFF | 102 | 0 |
| Sum tilskudd fra NFR og RFF | **2 551** | **2 890** |
| | | |
| Tilskudd fra bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) | | |
| - diverse bidragsinntekter | 2 021 | 2 464 |
| - tilskudd fra statlige etater | 19 716 | 15 170 |
| - oppdragsinntekter | 7 738 | 6 505 |
| Sum tilskudd fra bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet | **29 475** | **24 140** |

**TABELL 1**

| Utgiftsart/inntektsart | Regnskap | | | Budsjett |
|---|---|---|---|---|
| | 31.12.2018 | 31.12.2019 | 31.12.2020 | 2021 |
| **1. Utgifter** | | | | |
| | | | | |
| *Driftsutgifter* | | | | |
| Lønnsutgifter | 259 641 | 278 450 | 287 218 | 310 000 |
| Varer og tjenester | 113 657 | 119 696 | 108 911 | 126 000 |
| **Sum driftsutgifter** | **373 298** | **398 146** | **396 129** | **436 000** |
| | | | | |
| *Investeringsutgifter* | | | | |
| Investeringer, større utstyrsanskaffelser og vedlikehold | 13 798 | 11 419 | 20 613 | 45 000 |
| **Sum utgifter til større utstyrsanskaffelser og vedlikehold** | **13 798** | **11 419** | **20 613** | **45 000** |
| | | | | |
| *Overføringer fra virksomheten* | | | | |
| Utbetalinger til andre statlige regnskaper | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre utbetalinger | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum overføringer fra virksomheten** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| | | | | |
| *Finansielle aktiviteter* | | | | |
| Kjøp av aksjer og andeler | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre finansielle utgifter | 7 | 23 | 93 | 0 |
| **Sum finansielle aktiviteter** | **7** | **23** | **93** | **0** |
| | | | | |
| **SUM UTGIFTER** | **387 103** | **409 588** | **416 835** | **481 000** |
| | | | | |
| | | | | |
| **2. Inntekter** | **Regnskap** | | | **Budsjett** |
| | **31.12.2018** | **31.12.2019** | **31.12.2020** | **2021** |
| | | | | |
| *Driftsinntekter* | | | | |
| Inntekter fra salg av varer og tjenester | 17 398 | 17 612 | 16 360 | 10 895 |
| Inntekter fra avgifter, gebyrer og lisenser | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Refusjoner | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre driftsinntekter | 8 135 | 5 665 | 5 351 | 5 000 |
| **Sum driftsinntekter** | **25 533** | **23 277** | **21 711** | **15 895** |
| | | | | |
| *Inntekter fra investeringer* | | | | |
| Salg av varige driftsmidler | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum investeringsinntekter** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| | | | | |
| *Overføringer til virksomheten* | | | | |
| Inntekter fra statlige bevilgninger til drift | 379 153 | 392 128 | 414 668 | 434 927 |
| Innbetalinger fra fagdepartementet til tilskudd til andre | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Innbetalinger fra andre departement til tilskudd til andre | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre innbetalinger | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum overføringer til virksomheten** | **379 153** | **392 128** | **414 668** | **434 927** |
| | | | | |
| *Finansielle aktiviteter* | | | | |
| Innbetaling ved salg av aksjer og andeler | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre finansielle innbetalinger (f.eks. innbet. av rente) | 7 | 7 | 18 | 0 |
| **Sum finansielle aktiviteter** | **7** | **7** | **18** | **0** |
| | | | | |
| **SUM INNTEKTER** | **404 693** | **415 412** | **436 397** | **450 822** |
| **3. Netto endring i kontantbeholdning (2-1)** | **17 590** | **5 824** | **19 562** | **-30 178** |

**TABELL 2**

| Inntektstype | Regnskap 31.12.2018 | Regnskap 31.12.2019 | Regnskap 31.12.2020 | Budsjett for 2021 |
|---|---|---|---|---|
| | | | | |
| **Tildelinger til finansiering av statsoppdraget** | | | | |
| Bevilgninger fra fagdepartementet | 363 240 | 370 220 | 383 736 | 419 124 |
| Bevilgninger fra andre departement | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Tildelinger fra andre statlige forvaltningsorganer | 12 678 | 23 922 | 24 028 | 18 450 |
| Tildelinger fra Norges forskningsråd | 3 885 | 921 | 6 142 | 2 500 |
| **Sum tildelinger til statsoppdraget** | **379 803** | **395 063** | **413 906** | **440 074** |
| | | | | |
| **Offentlige og private bidrag** | | | | |
| Bidrag fra kommuner og fylkeskommuner[1)] | 6 348 | -1 673 | 3 067 | 2 332 |
| Bidrag fra private | 251 | 222 | 341 | 750 |
| Tildelinger fra internasjonale organisasjoner | 249 | 927 | 424 | 600 |
| **Sum bidrag** | **6 848** | **-524** | **3 832** | **3 682** |
| | | | | |
| **Oppdragsinntekter m.v.** | | | | |
| Oppdrag fra statlige virksomheter | 2 617 | 3 353 | 2 977 | 2 250 |
| Oppdrag fra kommunale og fylkeskommunale virksomheter | 363 | 857 | 791 | 800 |
| Oppdrag fra private | 2 647 | 3 439 | 4 873 | 4 100 |
| Andre inntekter og tidsavgrensninger | 12 415 | 13 224 | 10 017 | -84 |
| **Sum oppdragsinntekter m.v.** | **18 042** | **20 873** | **18 658** | **7 066** |
| | | | | |
| **SUM INNTEKTER** | **404 693** | **415 412** | **436 397** | **450 822** |

**TABELL 3**

| Balansedag 31. desember<br>Tall i 1.000 kroner | Regnskap<br>31.12.2018 | Regnskap<br>31.12.2019 | Regnskap<br>31.12.2020 | Endring 2019<br>til 2020 |
|---|---|---|---|---|
| | | | | |
| **Kontanter og kontantekvivalenter** | | | | |
| Beholdning på oppgjørskonto i Norges Bank | 155 223 | 161 047 | 180 608 | 19 562 |
| Beholdning på andre bankkonti | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre kontantbeholdninger | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum kontanter og kontantekvivalenter** | **155 223** | **161 047** | **180 608** | **19 562** |
| | | | | |
| **Avsetninger til dekning av påløpte kostnader som forfaller i neste budsjettår :** | | | | |
| Feriepenger m.v. | 22 001 | 23 676 | 24 100 | 424 |
| Skattetrekk og offentlige avgifter | 18 137 | 18 902 | 19 064 | 162 |
| Gjeld til leverandører | 19 972 | 21 017 | 12 484 | -8 533 |
| Gjeld til oppdragsgivere | -1 560 | -765 | -597 | 168 |
| Annen gjeld som forfaller i neste budsjettår | 1 846 | 3 183 | 12 414 | 9 231 |
| **Sum til dekning av påløpte kostnader som forfaller i neste budsjettår** | **60 396** | **66 012** | **67 465** | **1 453** |
| | | | | |
| **Avsetninger til dekning av planlagte tiltak i fremtidige budsjettår:** | | | | |
| Prosjekter finansiert av Norges forskningsråd | 945 | -1 024 | 2 669 | 3 693 |
| Større påbegynte, flerårige investeringsprosjekter finansiert av grunnbevilgningen fra fagdepartementet | 2 028 | 4 053 | 25 362 | 21 309 |
| Konkrete påbegynte, ikke fullførte prosjekter finansiert av grunnbevilgningen fra fagdepartementet | 22 157 | 18 734 | 12 647 | -6 086 |
| Andre avsetninger til vedtatte, ikke igangsatte formål[1)] | 25 000 | 25 000 | 27 518 | 2 518 |
| Konkrete påbegynte, ikke fullførte prosjekter finansiert av bevilgninger fra andre departementer | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum avsetninger til planlagte tiltak i fremtidige budsjettår** | **50 130** | **46 763** | **68 196** | **21 433** |
| | | | | |
| **Andre avsetninger:** | | | | |
| Avsetninger til andre formål/ikke spesifiserte formål | 43 694 | 47 075 | 43 146 | -3 929 |
| Fri virksomhetskapital | 1 002 | 1 197 | 1 801 | 605 |
| **Sum andre avsetninger** | **44 696** | **48 272** | **44 947** | **-3 325** |
| | | | | |
| **Langsiktig gjeld (netto)** | | | | |
| Langsiktig forpliktelse knyttet til anleggsmidler | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Annen langsiktig gjeld | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum langsiktig gjeld** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| | | | | |
| **SUM NETTO GJELD OG FORPLIKTELSER** | **155 222** | **161 047** | **180 608** | **19 561** |

**TABELL 4**
**Balanseoppstilling**

*Tall i 1.000 kroner*

| **EIENDELER** | **31.12.2020** | **31.12.2019** | **31.12.2018** |
|---|---|---|---|
| | | | |
| **A. Anleggsmidler** | | | |
| *I Immaterielle eiendeler* | 1 362 | 2 049 | 2 181 |
| *II Varige driftsmidler* | 45 820 | 35 953 | 34 701 |
| *III Finansielle anleggsmidler* | 100 | 100 | 100 |
| ***Sum anleggsmidler*** | **47 282** | **38 102** | **36 982** |
| | | | |
| **B. Omløpsmidler** | | | |
| *I Beholdninger av varer og driftsmateriell* | 0 | 0 | 0 |
| *II Fordringer* | 5 309 | 15 277 | 15 085 |
| *III Bankinnskudd, kontanter og lignende* | 180 608 | 161 047 | 155 223 |
| ***Sum omløpsmidler*** | **185 917** | **176 324** | **170 308** |
| | | | |
| **Sum eiendeler drift** | **233 199** | **214 426** | **207 290** |
| | | | |
| *IV Fordringer verørende innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten* | **0** | 0 | 0 |
| | | | |
| **Sum eiendeler** | **233 199** | **214 426** | **207 290** |

| **STATENS KAPITAL OG GJELD** | **31.12.2020** | **31.12.2019** | **31.12.2018** |
|---|---|---|---|
| | | | |
| **C. Statens kapital** | | | |
| *I Virksomhetskapital* | **1 901** | 1 297 | 1 102 |
| *II Avregninger* | **82 358** | 74 122 | 86 610 |
| *III Utsatt inntektsføring av bevilgninger* | **56 011** | 46 968 | 36 882 |
| ***Sum statens kapital*** | **140 271** | 122 386 | 124 594 |
| | | | |
| **D. Gjeld** | | | |
| *I Avsetning for langsiktige forpliktelser* | **0** | 0 | 0 |
| *II Annen langsiktig gjeld* | **0** | 0 | 0 |
| *III Kortsiktig gjeld* | **92 928** | 92 040 | 82 696 |
| ***Sum gjeld*** | **92 928** | 92 040 | 82 696 |
| | | | |
| **Sum statens kapital og gjeld drift** | **233 199** | 214 426 | 207 290 |
| | | | |
| *IV Gjeld vedrørende tilskuddsforvaltning og andre overføringer* | **0** | 0 | 0 |
| | | | |
| **Sum statens kapital og gjeld** | **233 199** | 214 426 | 207 290 |




KAPTEIN



# Vedlegg: Utgreiing om arbeidet Høgskulen i Volda gjer for å fremje likestilling og hindre diskriminering

«HVO skal ha ein personalpolitikk prega av inkludering, tillit, mangfald, samarbeid og likestilling»

Strategiplan for HVO (2017–2020)

## Del 1: Tilstand for kjønnslikestilling 2020

Utgreiingsplikta inneber ei rapportering på den faktiske tilstanden i verksemda. Nøkkeltala er henta frå lønssystemet SAP, der vi har statistikk knytt til løn, permisjonar og sjukefråvær. Statistikk knytt til kvinner/menn i toppstilling og i stipendiatstillingar er henta frå Database for høgare utdanning (DBH).

Av tabell 1 går det fram at menn i snitt har høgre løn enn kvinner ved Høgskulen i Volda. For toppleiing og mellomleiing har kvinner høgst lønn. I denne kategorien er det veldig mange ulike typar stillingar med forskjellar i ansvarsområde som kan bidra til å forklare lønsskilnader mellom kjønna. Menn har høgre lønn i kategorien undervisnings-/forskingsstillingar, noko som kan skuldast at det er flest menn i toppstillingane. I kategorien professor/dosent har menn høgre løn, noko som kan forklarast med lengre ansiennitet. Statistikken viser elles at det er små skilnader innanfor dei ulike stillingskategoriane.

## Tabell 1: Kjønnsfordeling og snittløn totalt, og i ulike stillingskategoriar for perioden 2018–2020

| Kategori tilsetjing | År | Kjønnsfordeling (% av årsverk) | | | Snittlønn kr (pr 1.10) | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | % Menn | % Kvinner | Totalt | Menn | Kvinner |
| Totalt tilsette ved HVO | 2018 | 44 | 56 | 345 | 614 951 | 570 837 |
| | 2019 | 41 | 59 | 352 | 609 262 | 582 118 |
| | 2020 | 43 | 57 | 357 | 618 233 | 591 116 |
| Toppleiing | 2018 | 57 | 43 | 7 | 937 625 | 943 100 |
| | 2019 | 50 | 50 | 8 | 962 925 | 949 050 |
| | 2020 | 43 | 57 | 7 | 937 967 | 956 250 |
| Mellomleiing | 2018 | 30 | 70 | 10 | 699 334 | 702 957 |
| | 2019 | 31 | 69 | 13 | 679 220 | 712 200 |
| | 2020 | 57 | 33 | 12 | 697 825 | 744 974 |
| Administrative still.- totalt | 2018 | 40 | 60 | 111 | 559 232 | 546 097 |
| | 2019 | 37 | 63 | 117 | 564 589 | 566 765 |
| | 2020 | 40 | 60 | 126 | 557 036 | 569 124 |
| Undervis./ forsk.still. totalt | 2018 | 46 | 54 | 234 | 635 456 | 584 044 |
| | 2019 | 44 | 56 | 100 | 626 614 | 590 550 |
| | 2020 | 44 | 56 | 100 | 645 262 | 603 880 |
| Høgskulelektor | 2018 | 38 | 62 | 81 | 574 654 | 572 984 |
| | 2019 | 31 | 69 | 90 | 582 034 | 571 651 |
| | 2020 | 34 | 66 | 91 | 589 418 | 579 962 |
| Førstelektor/førsteamanuensis | 2018 | 52 | 48 | 82 | 638 545 | 632 802 |
| | 2019 | 49 | 51 | 82 | 644 021 | 640 986 |
| | 2020 | 50 | 50 | 85 | 654 914 | 650 630 |
| Professor/dosent | 2018 | 76 | 24 | 30 | 763 091 | 769 188 |
| | 2019 | 71 | 29 | 22 | 770 772 | 771 413 |
| | 2020 | 73 | 27 | 26 | 783 725 | 757 990 |
| Stipendiat | 2018 | 27 | 73 | 25 | 471 880 | 469 783 |
| | 2019 | 33 | 67 | 24 | 489 427 | 483 882 |
| | 2020 | 31 | 69 | 18 | 498 104 | 494 567 |

## Tabell 2: Andel kvinner og menn i heiltids- og deltidsstilling for perioden 2018–2020

| Del kvinner og menn i deltidsstillingar | 2018 | 2019 | 2020 |
|---|---|---|---|
| **Kvinner, deltid** | 13 % | 15 % | 26 % |
| **Menn, deltid** | 19 % | 23 % | 22 % |
| **Tilsette i alt** | 375 | 388 | 344 |

Det er to hovudgrunnar til at tilsette arbeider i deltidsstillingar: innvilga permisjonar (AFP, uføre, omsorg, studium) og mellombelse tilsetjingar (professor II, vikarar, engasjement). HVO skulle etter planen ha talfesta ufrivillig deltid i 2020, dette blir gjort i 2021.

## Tabell 3: Fråvær knytt til omsorg for born og legemeldt sjukefråvær for perioden 2018–2020.

| | Foreldrepermisjon | | Fråvær pga sjukt barn | | Sjukefråvær | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Veker fedrar | Veker mødrer | Fedrar % | Mødrer % | Menn % | Kvinner % |
| 2018 | 50 | 244 | 0,2 | 0,6 | 3,5 | 7,3 |
| 2019 | 67 | 200 | 0,3 | 0,5 | 4,7 | 8,5 |
| 2020 | 78 | 275 | 0,7 | 1,0 | 3,8 | 7,6 |

Både menn og kvinner har teke ut meir foreldrepermisjon i 2020, og kvinner tek ut ein lengre del av permisjonen enn menn. Både menn og kvinner har hatt auke i fråvær grunna sjuke barn, noko som kan ha samanheng med pandemien. Det er høgre legemeldt sjukefråvær blant kvinner enn menn både på Høgskulen i Volda og nasjonalt.

## Tabell 4: Kvinner/menn i toppstilling (professor, professor II og dosent) for perioden 2018-2020

| | Årsverk totalt | Andel kvinner | Andel menn |
|---|---|---|---|
| **2018** | 28,8 | 22 % | 78 % |
| **2019** | 23,3 | 27 % | 73 % |
| **2020** | 28,4 | 25 % | 75 % |

## Tabell 5: Årsverk stipendiatar og prosentdel kvinner og menn for perioden 2018-2020

| | Årsverk totalt | Andel kvinner | Andel menn |
|---|---|---|---|
| **2018** | 24,5 | 73 % | 27 % |
| **2019** | 24,4 | 67 % | 33 % |
| **2020** | 17,5 | 67 % | 33 % |

Prosentdelen kvinner i toppstilling har gått litt ned, medan talet i årsverk har auka. I stipendiatgruppa er der ei overvekt av kvinner, og tala har vore relativt stabile. Tiltak for å sikre kjønnsbalanse for at kvinner skal nå toppkompetanse, er sette i gang.

Ufrivillig deltid vil Høgskulen kartlegge i 2021. Det same gjeld kjønnsfordeling i mellombelse stillingar.

## Del 2: HVO sitt arbeid for likestilling og mot diskriminering

I likestillings- og diskrimineringslova § 26 er arbeidsgivar pålagd å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering, trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald.

Arbeidet skal skje etter ein omtalt metode i fire trinn, og det skal dokumenterast i denne utgreiinga. HVO har brukt mal frå Bufdir som anbefalt av blant anna Kifinfo.

I tildelingsbrev frå KD til HVO for 2020 punkt 4.2.4 er det presisert følgjande: «Institusjonene må å gjøre seg kjent med de nye reglene og sette i verk nødvendig tiltak.»

«Kunnskapsdepartementet forventer at virksomhetene arbeider aktivt for å fremme like karrieremuligheter for kvinner og menn i norsk akademia og tilrettelegge for et større mangfold. Vi viser videre til det som står om bekjempelse av seksuell trakassering i tildelingsbrevet for 2018 og forventer at dette arbeidet videreføres.»

I samsvar med likestillings- og diskrimineringslova har HVO arbeidd med desse områda:

- Rekruttering
- Lønns- og arbeidsvilkår
- Opprykk (fagleg og administrativt)
- Høve til utvikling
- Tilrettelegging
- Moglegheit for å kombinere arbeid og familieliv

Diskrimineringsgrunnlaga som skal leggast vekt på, er:

- Kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver
- Etnisitet, religion, livssyn
- Funksjonsnedsetting
- Seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk
- Kombinasjonar av desse grunnlaga

### Prinsipp, prosedyrar og standardar for likestilling og mot diskriminering ved HVO

HVO sitt arbeid for å fremje likestilling og hindre diskriminering skjer mellom anna gjennom følgjande aktivitetar:

- HVO har hatt eige utval for likestilling. Utvalet vart frå 1.1.2020 ein del av arbeidsmiljøutvalet. Ansvarsområdet for utvalet er å sjå til at HVO arbeider for likestilling og ikkje-diskriminering.
- Likestillingsarbeid er forankra i HVO sin Strategiplan. Her står det mellom anna: «HVO skal ha ein personalpolitikk prega av inkludering, tillit, mangfald, samarbeid og likestilling», «arbeide for at 60 % av fagstaben har førstekompetanse» og «doble talet kvinner i faglege toppstillingar».
- HVO har eigen handlingsplan for likestilling og mangfald for 2016 – 2020, der visjonen er:
- «Tilsette og studentar ved HVO skal spegle mangfaldet i det norske samfunnet, og arbeidsmiljøet skal vere prega av likestilling og inkluderande haldningar.»
- I HVO sin tilpassingsavtale til Hovudavtalen er følgjande sagt om likestilling ved HVO:
- «Gjennom personalpolitikken skal Høgskulen i Volda fremje likestilling mellom kjønna, med full likestilling som mål. Leiarar og medlemar av tilsetjingsorgana har eit særleg ansvar for at intensjonane i likestillingsarbeidet vert følgt opp. Likestillingsarbeidet skal arbeidast inn i alle planar og strategidokument.»
- HVO legg vekt på likestilling mellom kjønn ved tilsetjing, blant anna ved å vise til dette i utlysingstekstar, og i samansetjing av sakkunnige utval og i tilsetjingsorgan.
- I tilsetjingsprosessar legg HVO vekt på å hindre diskriminering av menneske med nedsett funksjonsevne, menneske som har hol i CV-en, og menneske med innvandrarbakgrunn. Det skjer mellom anna ved at personalkontoret ved Høgskulen aktivt bidreg til at søkjarar med slik bakgrunn vert kalla inn til intervju, og reelt får høve til å bli rekrutterte inn som tilsette ved HVO.
- HVO har system for at avtalepartar kan legge fram dokumentasjon på gode arbeidsvilkår. Lov om allmenngjering av tariffavtaler ligg til grunn ved innkjøp av tenester til Høgskulen.
- Seksuell trakassering var tema på HMS-dagen i 2019. Likestillings- og diskrimineringsombodet hadde ansvar for det faglege opplegget. I 2020 fekk HVO på plass ei «sei ifrå»-side for tilsette, som er eit lågterskeltiltak for å melde frå også om saker som gjeld likestilling og diskriminering. Varslingsrutinane vart reviderte i 2020, og det er gitt informasjon/opplæring til leiarar. Tilsette ved HVO deltok i 2019 i ei nasjonal kartlegging av mobbing og trakassering (inkl. seksuell trakassering) i UH-sektoren, utført av Universitetet i Agder (UIA).
- Dei tiltaka som er sette i gang, er omtalte i HVO sin årsrapport for 2019–2020, side 60.
- I årlege medarbeidarsamtalar har tilsette høve til å ta opp spørsmål som har å gjere med likestilling og diskriminering.
- Arbeidsmiljø er eit sentralt tema i ulike aktivitetar ved avdelingane, t.d. i avdelingsseminar og personalforum. Arbeidsmiljøet blir kartlagt kvart tredje år. HVO nyttar ARK (arbeidsmiljø- og klimakartlegging), som er eit kartleggingsverktøy for UH-sektoren.

- Forskingsadministrasjonen har søkt og fått innvilga eit prosjekt frå Forskingsrådet som skal jobbe for fleire kvinner med toppkompetanse og forskingsleiingskompetanse.

I oktober 2020 vart det sett ned ei arbeidsgruppe som skulle arbeide seg gjennom firestegsmetoden, som er presisert i lov om likestilling § 26. Arbeidsgruppa var sett saman av ein rådgivar og ein seniorrådgivar frå personal- og dokumentforvaltning, ein representant frå tillitsvalde og hovudverneombodet ved HVO. Gruppa vart seinare supplert med to dekanar og forskingssjefen. Arbeidsmiljøutvalet og leiinga er kontinuerleg orienterte om arbeidet i gruppa.

## Trinn 1: Undersøking av risiko for diskriminering og hindringar for likestilling ved HVO

Første steg i arbeidsmetoden er å undersøke om det er risiko for diskriminering eller hinder for likestilling ved HVO. Kartlegginga dannar grunnlaget for korleis HVO skal arbeide for auka likestilling og mot diskriminering. Arbeidsgruppa har lagt vekt på å kartlegge strukturar og system ved HVO, og det er – i samband med utgreiinga – ikkje gjort undersøkingar på individnivå. Ei slik tilnærming er i tråd med lova.

I forarbeida til likestillings- og diskrimineringslova (Prop. 81 pkt. 24.4.10.3 s. 242) er det presisert at «hinder» kan vere både konkrete og meir usynlege hinder i form av haldningar, fordommar og strukturar. Undersøkinga bør skje i form av ein gjennomgang av rutinar, samtalar med dei tilsette, medarbeidarundersøkingar osv.

### Slik har gruppa arbeidd for å identifisere hinder for likestilling og risiko for diskriminering

- Arbeidsgruppa har gått gjennom HVOs retningslinjer på dei ulike personalpolitiske områda. Undersøkinga vart gjennomført i oktober 2020. Noko av det som kom fram, er omtalt i punktet «Prinsipp, prosedyrar og standardar for likestilling og mot diskriminering ved HVO».
- Personalpolitikk ved HVO er regulert gjennom reglar og avtaleverk som gjeld for statleg sektor. I desse dokumenta er likestilling og mangfald vareteke.
- I november 2020 kartla arbeidsgruppa fysiske forhold i verksemda. Formålet var å kartlegge om det ved HVO er tilrettelagt for svaksynte, personar i rullestol og høyrselshemma.
- Arbeidsgruppa etterspurde informasjon frå Studentsamskipnaden, som driv kantina ved HVO, om maten er godt nok merkt, t.d. når det gjeld svinekjøtt og allergiar.
- I januar/februar kvart år gjennomfører personalkontoret ved HVO kartlegging av kjønnslikestilling.
- I alt 220 tilsette ved HVO deltok i 2019 i den nasjonale kartlegginga av mobbing og trakassering (inkl. seksuell trakassering) i UH-sektoren, gjennomført av Universitetet i Agder (UIA). Resultata vart presenterte i leiarforum, i ULM, i arbeidsmiljøutvalet og på heimesida til Høgskulen. For meir informasjon om dette viser vi til årsrapport for HVO, side 60.
- Arbeidet med likestilling og ikkje-diskriminering er fast tema i møta i arbeidsmiljøutvalet.
- Personalkontoret har hatt opplæring i tilsetjingsprosessen og sjukefråværsoppfølginga for leiarar ute i avdelingane. Ikkje-diskriminering ved tilsetjing og tilrettelegging for tilsette på grunn av sjukdom er tema i desse opplæringstiltaka.

### Vi oppdaga følgjande risikoar for diskriminering og hinder for likestilling ved HVO

**Rekruttering / høve til utvikling / forfremjing**

- Utlysingstekstane er utarbeidde slik at dei truleg i for liten grad varetek t.d. personar med funksjonsnedsetjing, innvandrarbakgrunn og hol i CV-en.
- Det ser ut til at det er for liten kunnskap – blant dei som har innstillingsmynde og tilsetjingsorgan – om regelverk for likestilling, kjønnskvotering og diskriminering ved tilsetjing.
- Det kan vere for lite tilgjengeleg informasjon om kjønnssamansetning i dei ulike stillingsgruppene for dei som skal innstille, dette kan utgjere ein risiko knytt til likestilling ved tilsetjing.
- Måten HVO har definert stillingsgruppene som er grunnlag for kjønnskvotering på, kan vere ein risiko for å ikkje oppnå likestilling ved tilsetjing i toppstillingar.
- HVO har ikkje delteke i «Traineeprogrammet for personer med funksjonsnedsettelse og høyere utdanning» i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet sidan 2017.
- Det er lite kunnskap om tilsette sin rett til årleg samtale om kompetanse, ansvar, lønn og karriereutvikling, jf. hovudtariffavtalane i staten (HTA) § 3 nr. 5.
- Nettsider og bilete i utlysingstekstar kan til dels vere einsformige med tanke på mangfald.

**Lønns- og arbeidsvilkår**

- Inntrykket er at tilsette ikkje har god nok kjennskap til «sei ifrå»-sida. Det same gjeld retten til å varsle om kritikkverdige forhold. Dette kan vere uheldig for HVO sitt arbeid mot trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald, og det kan gå utover arbeidsvilkåra for utsette grupper.

Det kan vere ein overordna risiko at ein ikkje har nådd breitt nok ut i organisasjonen i arbeidet med å identifisere risikoar for diskriminering og hinder for likestilling. Det kan føre til at HVO ikkje har oppdaga hinder og risikoar innanfor dei andre personalområda Høgskulen er pålagd å kartlegge.

### Trinn 2: Moglege årsaker til risikoar og hinder

Arbeidsgruppa har kartlagt kva som kan vere dei moglege årsakene til dei identifiserte risikoane som vart avdekte i trinn 1.

- Årsaka til risikoane når det gjeld rekruttering, er truleg at det er for liten kjennskap til regelverket om diskriminering og likestilling. I tillegg kan det vere for liten kjennskap til HVO sine overordna mål for likestilling/mangfald.
- Vi trur det er manglande / for dårleg informasjon om Høgskulen si «sei ifrå»-side.
- Det kan vere eit hinder i arbeidet for å sikre mangfald at det er lite bevisstheit rundt dette i t.d. utforming av nettsider, bilete i annonsar osv.
- Årsaka til den overordna risikoen om at HVO ikkje har nådd breitt nok ut i organisasjonen, kan mellom anna vere at AMU/leiinga ikkje såg kor omfattande dette arbeidet var.

### Trinn 3: Undersøke kva tiltak som er eigna til å motverke diskriminering, og bidra til auka likestilling og mangfald i verksemda

I forarbeida til likestillings- og diskrimineringslova er det presisert at tiltaka må vere eigna til å bidra til likestilling og motverke diskriminering, ut frå resultata frå kartleggingane som er gjennomførte i trinn 1 og 2. Det bør utpeikast ein ansvarleg for tiltaka, og denne personen må ha mynde både til å gjennomføre tiltaka og til å treffe naudsynte avgjersler, slik at tiltaka kan gjennomførast raskt og planmessig.

HVO planlegg følgjande tiltak framover:

- Arbeidsgruppa skal undersøke meir vidtgåande i verksemda om her er hinder mot likestilling og risikoar for diskriminering.
- HVO skal endre standardtekst for stillingsannonsar. Dette skal gjerast av personal- og dokumentforvaltninga og godkjennast av tillitsvalde.
- Personal- og dokumentforvaltninga har i løpet av hausten 2020 – i store delar av organisasjonen – hatt opplæring om tilsetjingsprosessar. Det er lagt vekt på likestilling/mangfald. Dette opplæringsarbeidet skal halde fram.
- Spørsmål med relevans for likestilling/mangfald vil bli inkluderte i arbeidet med ny strategiplan for HVO. Leiinga ved HVO er ansvarleg for det arbeidet.
- HVO vil utarbeide ein ny handlingsplan for likestilling og mot diskriminering for perioden 2021–2025. Arbeidsmiljøutvalet skal sjå til at det blir gjort, med direktøren/personalsjef som ansvarleg.
- HVO vil følgje opp KDs handlingsplan for inkludering som kom i januar 2021.
- HVOs personalpolitikk skal beskrive tiltak for mangfald i tilpassingsavtalen til Hovudavtalen. Leiinga har ansvar for at ein får forhandling om dette punktet i tilpassingsavtalen.

### Trinn 4: Evaluere tiltaka under trinn 3

Det er ikkje sett i gang mange tiltak i løpet av 2020, og av dei som er sette i gang, er det for tidleg å vurdere dei allereie no (januar 2021). Dette er difor eit arbeid ein vil gjere i løpet av 2021.

hivolda.no